27522

Hans Seland:

Bureising



KRISTIANIA 1909 ∴ OLAF NORLI'S FORLAG

NORSK RIKSKRINGKASTING
BIBLIOTEKET

Utgått av biblioteket i
NORSK RIKSKRINGKASTING

BUREISING

KATALOGISERT

A. Nicolaisen

HANS SELAND

BUREISING

FORTELJING

Utgått av biblioteket i
NORSK RIKSKRINGKASTING

NORSK RIKSKRINGKASTING
BIBLIOTEKET

KRISTIANIA
OLAF NORLIS FORLAG
1909

Prenta hjaa Nikolai Olsen.

I

Ja, den som *no* visste!

Asbjørn Høyland stod med ein staur i kvar hand og saag seg ikring. Paa vollen nedanum honom laag haugar av hustimber og stoplar av bord som dei hadde køyrt fram paa vinterføret. Eit par gamle smaa utlødor stod fremst paa bakkebròtet tett attmed der han sjølv stod. Dei maatte han likso godt riva med same, kom han i hug; fyrr fekk han ikkje det yversynet han turvte, og det maatte so gjerast likevel fyrr ein kunde koma til med *arbeidet*. I minsto laut denne fremste or vegen. Hi kunde staa so lenge. Ho var ikkje større: kom me 4 handfaste karar ein gong og tok i, so bar me ho burt under berget. Der kunde ho vera nytteleg til sitt bruk, so lenge. Det var godt med eit skjol soleis til mangt. Ein kunde setja verktyet inn der, og maten; og sjølv kunde ein ha seg under tak der so lenge um det skulde koma ei bløyta.

Men denne fremste løda, ho laut or vegen med same, so mykje ein fekk sigta inn sjølve *hustufti.*

— Og so gav Asbjørn seg i ferd med dette. Det stod ikkje lenge paa; rote er lett aa riva, og ingen ting var spikarfast. Stokkarne grytte han til side, men nævri laut ein kan henda taka vare paa, endaa det hefte stygt burt tidi aa putla med sovore inkjevetta. Aa, ho kunde no liggja so lenge og! Det hadde vore so moro aa faa mæla ut denne hus-tufti med same; det var no *det* han var komen for.

Den som berre visste —!

Det var um ein skulde draga huset betre inn ifraa bakkebròtet, og so at det kom til aa snu rett, so ein ikkje trega seg sidan. *No* kunde ein faa det korleis ein vilde; ein annan gong var det for seint.

Godt imot soli laut huset snu, og so at ein hadde utsyni fri til det gildaste og beste av garden. Um me prøvde med austre fremre hyrna her? — han sette ned ein staur — og so vestre fremre hyrna her ein stad?

Det skulde høva bra, visst? Han mælte imillom staurarne, 27 fot, og flutte den eine ut

noko. Ja? Det vart visst bra so? Slik paa lag hadde han no jamt *tenkt* at det laut vera, fyrr naar han hadde vore her og set paa det. So var det breiddi, 23 fot; her paa lag, naar det vart rett vinkla. Kan henda det burde venda aldri so lite til imot sudaust? Soleis? Eller ikkje fullt so mykje. Ja? Jau, det fekk plent vera soleis. So vart det lugum plass aat uthusi her innanfor, kvar ein vilde.

Nei, no fekk han sjaa til aa sanka i hop den gamle taknævri. Ho kunde vel koma til nytte enno, det beste av ho. Og or vegen maatte ho korso, fyrr ein gav seg til aa grava ut grunnen.

— Kvar gong Asbjørn hadde vore burte under berget med eit fangan laut han staa ei stund og meda paa dei 4 hyrnestakarne han hadde sett upp. Og han tykte han saag fyre seg den nye bustaden som skulde reisa seg her paa den nye garden inni skogen. Han saag frukthagen som skulde veksa til i solbròtet under fremre husveggen; han saag den graa myri der nede, der det enno var is i veitorne, med høgt gras og svagande aakrar, og han var ikkje fri han tykte han saag i ei ung kona som opna eit glas paa fram-

sida av huset og ropa ein slaattekar heim til maals.

Sigvor ja; ho skulde vore her i dag, so ein kunde teke henne paa raad.

Men elles trudde han ikkje ho heller kunde finne ut noko større likare en som han sjølv hadde det fyre no. Det var ein annan ting som vonleg vilde gleda henne meir; det var um det kunde syna retteleg god mun paa arbeidet naar ho kom upp og vilde sjaa.

Den som hadde havt tolv manns styrke! Eller pengar nok, so ein kunde leiga med seg so mange ein vilde! For her var so yverlag mykje aa gjera av alle slag. Han skulde havt seg upp noko aaker naar rett var, og ikkje so lite heller. So var det hus-grunnen aa grava ut. So var det murarne! So var det byggjingi. So var det uthusi! Du kunde verta hovudgalen fyrr du tok paa!

Men Gud skje lov; han hadde spart seg i hop ikkje so rett faa skillingar desse aari han hadde vore smed paa jarnvegen. Og god arbeidshjelp fekk han av fåren og broren frametter i haaballen, visste han. So muna det noko um senn. Det laga seg eileis.

Men, ja menn var klokka longe tolv! So

fekk han labba heim til middag. Naar han kom att vilde han til med utgravingi av husgrunnen.

— Eit par timar etter kjem han att med hjulbaar, jarnstaur, aurhakka, spade og skufla. Gjev seg til aa flaa av grastorva og senda ned i bakkebròtet. Han tek i som ein kar, og det varer ikkje lenge fyrr han kastar baade trøya og vest. Endaa tykte han ikkje han saag mun som han hadde venta. Kven skulde tenkt at ein liten hus-grunn var so vid! Verkeleg skulde han havt med seg ein mann, so det kunde sige fram med større tyngd. Men kven skulde ein spyrja? Anders under Kleivi? Dei heldt paa i elvi so mange no, broren og ei halv sneis karar til, med flòting av timbret or Aarvollskogen, som kompaniet kaupte i fjor. Hadde *dei* vore ferduge, so. Men daa leid det til vaarvinna, og daa hadde *ingen* tid. Aa; ein fekk no murka sjølv det ein kunde, so lenge. Det vilde ikkje gjera liten mun paa ei vika eller so.

Berre steinen her burt i berget vilde lata seg kløyva fint! Han kom til aa gjeva ikkje lite arbeid berre *den*. Med retten burde han vore sprengd i haust og framkøyrd, endaa her vilde han berre lege i vegen no. Me

fekk han vel hit, skulde me sjaa. Ei tremerr paa glatte stokkar skulde me snart ferda til.

Haah! Det muna rett, naar ein var trottug og ikkje gav seg. Men no kjende han det i ryggen og! Puh! Det var ikkje betre ventande heller, no hadde han stade i smidja i 3—4 aar, og aldri anna gjort i all den tidi. Det vilde nok minna seg baade i rygg og armar no det fyrste til han vandest med det. Men no var det tidi aa tenkja paa ein kaffidrope og ei liti kvild. Det hadde han fortent no. Godt med all den turre nævri han hadde til kveiksl no!

Soli glytte fram som snaraste med han kokte kjêlen. Det vermde so godt i ryggen og hi sida fekk ein lunk av elden. Han var sveitt all igjenom, og daa vil ein ikkje lenge sitja i ro fyrr det kan kjennast kulse liksom. Men no kom Svarte-Lars; no sputta han brunt i glørne!

Tvi vøre, likevel, kor den bjørkenævri kunde sóta til kjêlen!

— Um kvelden daa Asbjørn slutta arbeidet var han nøgd med seg sjølv. Dette vilde gaa bra, skulde me sjaa. I morgon fekk han faa einkvan heime til aa koma hit med mid-

dagsmaten, so han slapp heftast med aa gaa heim. Han kunde taka hit nokre gamle klæde og kvila i den litle løda etter maten.

Jamnen drog. Det var den jamne seige trotten aa lita paa, skulde me vinna det me vilde og meinte her: gjera ein stor blømande gard utav utslaatta. Men fekk ein berre hava helsa og livedagarne, so.

Det *skulde* verta hugnad aa sjaa kor den uppdyrka viddi voks og breidde seg fraa aar til aar! Dei skulde smila godt til kvarandre, Sigvor og han, naar folk stogga paa vegen og bisna og undrast. Og fekk han liva den dagen han skyna ein og annan tok etter, ja daa skulde han fegna seg endaa meir!

— Det hadde kome væta um natti so det stod smaa dammar i tufti der han hadde grave fyrre dagen. Men det gjorde ikkje noko, for i dag var han meint paa aa taka arbeidet fraa ein kant, — byrja i rette enden. Han hadde greip med og lempa til side noko av den utkasta jordi, mælte seg ned i bakkebròtet og gav seg i ferd med aa grava ut kjellarhalsen. No vilde han fylgja botnen og taka det med, det som med skulde; det var berre i gaar han var so braa og vilde gjera

alt med ein gong. Men elles var det rett nok i gaar og. No hadde han den beste matjordi for seg. Den skulde han siden bruka her i brotet — i *hagen*. Men auren og gruset vilde han køyra ut paa myri til vinteren. Der skulde det gjera godt, hadde han tenkt.

Han lika seg i dag! Fâren hadde lova aa gjera ein tur ut paa bygdi og høyra seg um etter eit par gode murarar. Der var tvo-tri dei visste um, og det skulde rart vera um ikkje ein av dei kunde koma. So visste vel *han* um ein hjelpeleg kar han kunde faa med seg. Kunde dei so koma ein av dei fyrste dagarne og taka til med steinkiling, so skulde nok han greida aa hogga ut denne kjellargrunnen. Um naudi var, fekk det heller staa att ein stabbe i midten til so lenge ...

Det skulde nok gaa; det var mest um aa gjera aa taka fat i rette enden. I natt hadde han harma seg yver det ei stund at han ikkje hadde fare til med dette alt for lenge sidan. Men det vilde han ikkje trega paa. Han hadde havt god fortenesta desse aari, og det torde heller henda han ein gong kom til aa trega at han ikkje heldt paa med det endaa lenger.

So, so, soh! nei no vilde han ikkje vasa seg inn i den tankefloken meir! Dette arbeidet laag og ropa paa han kvar dagen, og han *hadde* lova aa gjera det; han hadde lova aa gjera Øygarden til ein heimstad so ven at folk skulde undrast. Og det minka med fortenesta i smidja. Eit par arbeidslag hadde gjort ifraa seg og reist, og so vilde ikkje han staa der gjerandslaus halve dagarne! Han kunde fylgt med til ei onnor veglina, der var arbeid baade nord og aust, — so kunde han leigt burt byggjingi og det meste upptaket her. Men sjaa det var ikkje det same som naar det blømde fram etter eins eigne hender! Det var det som æra og hugnaden laag i.

Det skulde nok gaa! Det laut gaa i villmarkjerne i Amerika i gamle dagar, for folk som hadde mykje mindre aa hjelpa seg med en han. Og naar ein fekk hava helsa . . .

— Han tykte det knast i ein gamall trodmole, og snudde seg braatt. Haah! — der var so sanneleg ho gamle mor sjølv med middagsmaten!

„Ja du fær vera velkomi i *min* gard, mor! Eg hev nok ikkje enno so laga at eg

kan beda deg inn, men det skal vel laga seg, naar det lid paa, spaar eg!"

„Aa, du hev snart so stort kjellarhol ein kunde faa sett seg," lo mori. „Det vantar berre —"

„Det vantar berre murar og tak — og so sjølve huset," lo Asbjørn, han vaska nevarne i eit av vatsholi fraa i natt. „Men du veit," sa han, „hev ein klave so er det minst fyre aa faa ku!"

II

— Tridje dagen. Godvêret heldt seg, og arbeidet skreid fram smaatt og jamt, men Asbjørn var ikkje rett i laget sitt likevel. Faren hadde kome att um kvelden seint, men ikkje fenge lov paa nokon murar. Torjus Fjellestad var i byen, so han hadde han ikkje funne, men kona trudde ikkje han kunde koma; dei tvo andre han hadde spurt hadde lova seg burt fyrr. I dag vilde han av og høyra med gamle Jørgen paa Sande. Han hadde ikkje ord for aa vera nokon fin-murar just, og ikkje var han snar heller, men vrang stav er betre en ingen, sa dei for gamalt, og no visste dei ikkje andre.

Asbjørn hadde helst vilja talt ifraa aa spyrja Jørgen. Daa vilde han heller ned paa lina og høyra um det var raad med aa faa eit par derifraa, den stundi. Men faren meinte det vaaga voni; han kunde alltid orda frampaa det med gamlingen, so mykje ein ikkje stod uppraadd um det ingi onnor raad baudst. Ein turvte ikkje slaa noko fast i dag just. Og til det kunde ikkje Asbjørn segja noko.

Nei han var ikkje i laget sitt i dag! Han prøvde aa arbeida det av seg; prøvde aa aldri bry seg. Men det sat i, kjende han. Han hadde kome paa i gaarkveld, daa han gjekk heim so fjaag og fornøgd, at han vilde taka det til merke paa um han fekk god lukka frametter med dette han no var i kast med, um fâren kom heim med god tidend. Aa jau, jau! san. Skulde dette merket sæta, so saag det spøkje ut!

Sjaa der kom Gjermund granne ruslande. So skulde ein hefta burt tidi med *han* eit bil. Kva tru han vilde? Berre bisna og skøyta prat venteleg.

„Er det svintoksi som er ute og rotar eller er det bjørnen som grev seg hide dette

aarsbilet?" ropa Gjermund, det vanta eit lite steinkast han ikkje var framkomen endaa.

„Du fær koma hit og sjaa!" svara Asbjørn attende, han kasta seg upp or hola og sette seg paa·kanten.

„Er det verkeleg aalvora di at du vil bu her ut i ville skogen?" spurde Gjermund daa han var framkomen.

„Ja, du ser daa vel meiningi no?" sa Asbjørn.

„Du er galen!" sa Gjermund. „Kva segjer far din?"

„Aa, far veit at det nyttar ingen ting aa tala til meg, naar eg fyrst hev sett meg eitkvart i hovudet."

„Eg hev høyrt du skal ha lagt deg upp pengar. Du kunde fenge gard mykje billegare en denne vert deg. Du skulde fenge kaupt av meg!"

„Vil *du* selja?"

„Ja, kva skal eg gjera? Gutarne er i Amerika, og Bergitta som er heime tyt berre paa at ho vil same vegen. So stend ein der. Eg kan ikkje gaa av og gifta meg att heller — i min alder." Han sette seg, han med, og gav seg til aa karva i pipa.

„Du er so framlaupen alltid, du Asbjørn,“ tok han i att. „Du hev nok funne deg ei gjenta ned i fjordbygdi ein stad, høyrer eg dei segjer. Kunde du ikkje likso godt høyrt fram i døri hjaa meg — so kunde du fenge baade taus og gard? Det hadde vore likare en aa setja seg til her inni svarte skogen og glana burt i den rotne myri der nede!“

Asbjørn var ein grand i uvissa korleis han skulde taka Gjermund. Skulde han læ og liksom taka det for skjemt? Men Gjermund meinte visst meir med det en han godt kunde onnorleis faa segja.

„No skal du høyra kva du skal gjera!“ tok hin frami att. „Du skal kaupa garden min; du skal faa han for 700 speisi; so kan du setja deg upp fjøs og løda her ute og stulla upp det du slær her, haust og vaar. No raadde eg deg som ein mann!“

„Raadi høyrest god ut, den!“ laut Asbjørn sanna. Han fall i tankar.

„Eller du kunde lata meg faa livebraud og ende-kammerset so skal du sleppa med fem hundrad?“ sa Gjermund og saag paa han. „No hev eg gjeve deg reine ord for

pengarne! Farvel! Eg skulde av og finna meg ein møksledemei," sa han.

Og dermed gjekk han, stolprande og stivbeint og ustødt, so Asbjørn hadde aldri set han slik fyrr. Der var han burte i ei tuva og der i ei buska, so han raga, men greidde seg so vidt likevel.

Asbjørn vart reint ille ved. Men so saag han den gamle var uppe i augo med handebaken og tykte han skyna det betre.

Stakars gamle Gjermund! Ja menn var det stor synd i han likevel. Ein skrubb hadde han vore paa ei vis, svart og ufjelga og grimut, fælt uvyrden med seg sjølv korleis han saag ut og trehendt til allslags innearbeid, men trugen paa sin maate, og slett ingen ulagleg granne. Det var ei soga fraa ungdomen hans som gjorde at Asbjørn — og andre med — alltid hadde havt som ein stygg til han. Han skulde vore so spretten ungkar som nokon i bygdi. Daa han gifte seg var det tvo gjentor som trudde dei skulde fenge han, — baade ho som brudi vart og ei onnor. Og dei var „paa veg" baae tvo. Men hi gjorde av med barnet sitt daa ho saag ho var narra . . .

Det var vel daa alt dette kom upp at han miste modet og vart so like sæl um seg sjølv. Og endaa han visste seg fri at ikkje han hadde talt Mari til det fæle ho gjorde, so kjende han seg like godt skulda i det, og tok det meste som gjekk han imot til straff for syndi si. „Han hemner seg!“ hermde dei etter han, hesten hadde brote beinet. „Vara dykk for aa terra Vaarherre paa dykk! Han veit aa finna dykk, den karen!“ hugsa Asbjørn sjølv ifraa han var liten. Gjermund hadde kome yver dei, dei hadde gøymt seg av med ein kortleik ein sundag, han og nokre andre gutar.

Guds straff hadde han visst set i *det* og, at borni reiste ifraa han. Og samanheng var det vel med det og, naar ein saag vel etter, tyktest Asbjørn skyna no naar han tenkte yver det.

Hmh! Her gjekk han og buldra so du kunde tru han var halvt sinna, eller han smurde paa so du kunde ta det for skjemt, um du ikkje skyna betre, — og so var augo hans so vaate at han ikkje greidde sjaa seg fyre, kvar han trødde.

Det var visst aldri verdt aa beda um langt

liv og stor alder. Best aa faa lov til aa leggja seg i rimeleg sengjetid og sova søtt og sælt ifraa all sorg og møda!

Nei, men dette grannen hadde slege frampaa i dag, det var noko aa tenkja paa. Han aatte ingi liti vidd Gjermund; gode skogteigar, og ikkje ulagleg heimebø. Gjorde dei rett, han og broren, so slo dei det til seg; det maatte lata seg gjera aa renta 12—1500 krunor kvar. Men kor vilde det daa gaa med Øygarden? Ein kunde taka upp noko i senn; so kunde han liggja til — ja, kven visste? det torde endaa koma ein erving som saag seg mun i aa setja seg til her!

Kunde *vel* henda at Sigvor vilde lika mykje betre aa bu heime i garden, der ho kunde sjaa til folk, en her inne i villskogen, ho som var uppvaksi i tjukke sjøbygdi. Det vart mest eit vaagespel aa flytja henne her upp i einsemdi. Um ho *no* hadde godt mod: kunde ho hjelpa for um ho sidan tykte langt og trega seg?

Ein gjorde mest sælebot paa gamle Gjermund og! Og det skulde ikkje undra honom det slag um han far talde til, naar han fekk høyra um tilbodet.

. . . For *den* skuld var han ikkje rædd aa handla med Gjermund, anten broren vilde gaa halvt i kaupet eller ikkje. Han hadde so han kunde greida ut det meste, og ein kunde selja nokre tylfter med timber til kompaniet i vaar, so aatte ein det som tonni i hausen. So kunde ein taka noko av timbret her og vøla paa husi hans Gjermund, og byggja vaarfjøs og løda her i Øygarden av resten . . .

Men, — han knepte att munnen og gjorde eit kast med nakken:

Det vart no ikkje *han* som gjorde dette, anten det so meir var vist eller gale. Han sveik nok ikkje Øygarden no! Sigvor hadde set plassen, og ho hadde lova aa vera med paa livet her, og *han* hadde ein gamall lovnad aa halda.

For det var so rart med han og Øygarden. Ifraa han kom paa det hin dagen for lenge sidan, daa han enno var eit barn aa kalla, hadde det lege i han som ei plikt, at dette arbeidet det skulde *han* gjera. Det var liksom Vaarherre hadde sett *han* til det, tykte han. Og no fekk det i Guds namn verta til lukka eller til vanlukka som det vilde og kunde: no vilde han berre lyda og tegja.

Soleis hadde det lege i han, og soleis vilde han gjera.

Bjørnson og diktararne, dei tala so mykje um „kallet". Han kunde ikkje forstaa det onnorleis enn at dette var *hans* kall — forutan det som var kall aat oss alle, at me skulde vera trugne og rettvise. Men skulde det sidan sjaa ut som han hadde teke i mist: han vilde ikkje trega endaa. For han kunde ikkje onnorleis gjera no en som han gjorde.

Og det visste han: fekk han det til som han var meint, og som han hadde dikta og drøymt det desse aari frametter, so skulde det verta mykje venare og gildare gard her en Gjermund sin, allvisst naar ein saag paa heimebøen. Ikkje rødande um det. Og so lettvinn daa! Det skulde ikkje kosta halve arbeidet aa hausta inn her. Ikkje tridjeparten! For her kunde ein faa det flatt og slett og steinfritt mest alt saman, men der var det tuvor og steinar og humpar og haugar kvar du saag. Um her no var einbølt: var *det* noko aa støkkja for, naar du kunde springa heim til garden paa fem minuttar? So slapp ein daa vondord og range augo um ei høna sleit seg og kom laus ein dag.

— Mori visste aa fortelja, daa ho kom med middagsmaten, at Jørgen ikkje kunde taka muringi han heller.

„Aa, det var no berre godt, det!“ sa Asbjørn, og han tykte han kjende seg lettare og betre i lag med same. „Det skal nok verta ei raad!“ kytte han. „Eg fær gjera meg ei reis ned paa lina,“ sa han. „Der er fleire arbeidslag som munar til og vert ferduge i denne tidi; eg fær nok spurt meg upp eit par mann der!“

„Det tenkjer eg og!“ trøysta môri. Ho hadde vore so leid seg for di denne siste voni og skulde gleppa.

Asbjørn dreiv paa og dreiv paa heile vika, alt det ryggen tolde og noko til. Og laurdag middag hadde han vunne med det meste. Men det saag uruddugt ut endaa, med di all steinen han hadde funne berre var grytt til sida. Han visste han fekk bruk for den naar dei kom so langt at dei tok til med muringi.

Han sat paa kanten og saag paa verket sitt. Han var nøgd med seg sjølv; han hadde drive det godt. Men no skulde det gjera godt aa taka seg fri i ettermiddag og i mor-

gon. No gjekk han heim til maals, so hama han seg og sveiv nedyver. I kveld vilde han vera hjaa Sigvor. I morgon laut han leita upp nokre linearbeidarar han kjende, høyra um dei visste nokon han kunde faa til aa mura. Kan henda han leigde seg hest og tok Sigvor med paa den ferdi, gat han paa.

So stelte han arbeidsveldorne til rettes i den litle løda som stod att og blistra ein lystug lund paa heimvegen.

„Eg veit ei liti gjenta
ja eg kjenner ho so vel
Eg veit ei liti gjenta
ned ved sjøen!“

Berre det no maatte gaa vel i morgon! tenkte han so.

Det *skulde* gaa vel! gjorde han av daa han i kveldingi var paa vegen til gjenta si. Ingen fjord i verdi var so stengd at du ikkje kunde ro deg utor han naar du *vilde*. Naar alt vart rett utrekna so var det just eit *godt* merke at ikkje alt jamna seg av seg sjølv i fyrstningi. „Nasefiske er aldri bra.“ So tenkte han paa Sigvor, kva ho vilde segja naar ho fekk sjaa han att alt i dag. Det var berre 8 dagar sidan sist. Og han kom so i

godlaget at skjelmen glyrde or kvar ei augnakraa daa han kom inn til henne.

— Han var ikkje paa langan leid so godt i lag næste kvelden. Det skilde mykje paa det. Lite folk hadde han funne, med di det var sundag; den eine var her og den andre var der. Eit par av dei han helst hadde gjort seg voner um hadde reist „paa fjellet" — til Bergensbana — ikkje lenger sidan en i gaar. Hadde han berre ikkje leigt hest i dag og teke Sigvor med so skulde han gjeve seg yver til morgons og høyrt inn paa kantoret um dei visste nokon der. Men hesten maatte han vera attende med no i kveld, og han vilde ikkje lata kjærasten køyra heim aaleine. Han tenkte nok paa det som snaraste, men kunde ikkje faa seg til aa nemna det med henne.

Ein kjenning han fann lova at han skulde høyra seg fyre og senda bod kor det gjekk. Med dette laut Asbjørn fara.

Det var so lite ord i han paa heimvegen. Sigvor skyna at dette gjekk meir innpaa han en han vilde vera ved. Ho spurde um han ikkje trudde han greidde den muren sjølv, naar det kneip. Men han drog paa *det.* Han hadde so lite vore med paa murarbeid. Og

byggjaren skulde koma straks yver vaarvinna; til den tidi hadde Asbjørn lova murarne so ferduge at han kunde taka til. Men no fekk han gaa i veg med aa kløyva stein — *det* kunde han! — so torde det vel enno laga seg eileis, „elles kom dei nok til aa flira godt, dei som tykte han var galen som vilde til med dette," hadde han paa tunga han skulde sagt, men tok seg i det. Tids nok fekk ho greida paa alle dei som lo og lika seg naar det gjekk ubeint for grannen, og ho var gjerne likso leid som han for dei ikkje hadde lukka med seg i dag, naar det maatte vitast. Difor var det betre han trøysta henne. „Du ser," sa han, „uppraadde stend me ikkje. Hyrno av muren skal eg no alltid faa upp til tidi, so kan me mura resten sidan. Kor mang ein gong murar dei ikkje nye murar under gamle hus! Det er berre ikkje so beintfram aa koma *til* med arbeidet daa. Men det gjeng, veit du. Ho, ho! Ja menn!"

„Hadde du berre tinga murarar med same du tinga timbremenner!"

„Ja *det* var eit sant ord! Men no fær me vona at eg hev lært so eg hugsar det til ein annan gong!"

„Du skal sjaa du fær brev uti vika, at du fær einkvan likevel," trøysta ho.

Han murra noko, som *kunde* vera samtykkje; men inst inne hadde han so liti von no. Naar det fyrst for til aa skapa seg gale so skulde du ha takk. Nei, daa var det snart likso trulegt at han fekk bod fraa timbremannen i siste liten at ikkje han heller kunde koma, rann det han. Men endaa skulde det fram! So reiste berre han og paa Bergensfjelli i sumar og gav upp heile greida til eit anna aar!

— Dei var lagde for lenge sidan daa han kom heim midnattesbilet. Han lista seg so stilt inn og smaug i seng, men svevnen vilde ikkje koma. Det var so for ille leidt dette at det skulde skapa seg so ubeint til! Han hadde aldri venta at det vilde gaa av seg sjølv. Han hadde heile tidi vore meint aa leggja rygg til, alt han orka. Hadde meint det so godt. Hadde kjent seg so trygg, straks det for aalvor vart avgjort i fjor at no ifraa vaaren skulde det bera i veg. Jaja, jaja! Det laga seg vel enno. Det laga seg! Ein fekk ikkje gjeva seg yver for *ei* vaat trøya, sa han far.

Ut paa morgonsida sovna han og vakna i herota daa det longe var ljosan dag, av di

mori kom inn. Ho spurde kor det hadde gjenge. „Gjekk skit!“ svara han. „Fekk du ingen?“ „Nei!“

„Torjus Fjellestad var her i gaar,“ fortalde so mori. „Han sa at han og sonen kunde ha tid no dei fyrste 14 dagarne. Men daa maatte han faa bod i dag.“

Asbjørn spratt fram or sengi so han nær hadde velt kaffikoppen mori bar paa. „Kva naud er det daa!“ song han ut. „Eg flyg i veg og segjer han maa koma med ein einaste gong!“ So fær far gaa i smidja og kvessa mineborarne og laga kilar! Var det ikkje det eg visste, at det laga seg?“ lo han.

III

Torjus og sonen kom um kvelden og tok til med arbeidet næste morgon. Asbjørn var forviten etter aa høyra kva muraren meinte um steinen, og han var fegen daa han høyrde hin let vel. Han kunde vore betre visste me, men han kunde vore verre og. Og her som ikkje var meir aa velja i fekk ein ikkje klaga naar han var so pass. Elles vilde det no syna seg betre naar dei kom i arbeid, men

aa sjaa til so meinte han dei nok skulde faa mur av denne. „Det fell daa av *nokre* gode stein og so fær me bruka dei der det syner mest," sa han.

Um torsdagen kom det tvo framande karar ruslande. Dei hadde høyrt paa lina at her skulde vera ein mann som hadde bruk for steinarbeidarar, sa dei, og so hadde dei likso godt leita seg fram. Men no var dei gjerne for seint ute likevel? Asbjørn meinte han hadde arbeid nok so dei fekk berre vera velkomne til. Mor hans var ikkje fullt so glad. Det vart so mange aa stella for no, og ho visste ikkje for vel kvar ho skulde leggja dei alle med næterne.

„Ja, so var det *det!*" sa Asbjørn. „Kven kunde drøymt um at det var so mangt slag ein turvte koma i hug! Med lega skal me snart ha ei raad; me ber halm paa loftet og reider flatseng. Og so skal me høyra med Rakel der nord um ikkje ho kunde koma og hjelpa deg ei rid frametter. Laurdag lyt anten far eller eg til handlaren og faa heim gryn og erter og flesk og fisk og kaffi og sovore," sa han.

Han var just fegen for desse nye kom. Det var ikkje berre husmurar han skulde ha

upp. Det vilde murar under fjøset og, og landbrunn og gjødselskur. Og han skulde havt upp eit par nye veitor i myri. *Ein* stor kornaaker laut han faa pløgd upp i vaar sidan det ikkje vart i haust, so mykje dei fekk eitkvart aa leggja i lødorne til vinteren. So at arbeidshjelp trong han. Visst vilde det kosta. Det skulde noko til aa løna og føda fire vaksne karar um dagen. Men so fekk han noko gjort. Og han hadde so yverlag mykje som skulde ledast med just no!

Paa den gamle løde-vollen i Øygarden gjekk arbeidet med song og liv. Det nye laget kløyvde stein, og Torjus og sonen mura. Asbjørn gjorde hjelp med aa faa steinen fram paa plassen og elles kvar det turvtest. Imillom var han burte og grov i fjøstufti.

„Du fær fine murar!" sa Torjus ein dag.

„Det er fin kar og fin gjenta som skal eiga dei og!" lo Asbjørn. „Og so maa det eine vera etter det andre."

„Rett, rett!" nikka Torjus. Det var ordtaket hans.

Han og sonen vart verande til husmuren var ferdug. Hine gav seg til. Dei grov veitor nokre dagar; so spadesnudde dei og jamna

ein teig av myri som var noko tuvut. Asbjørn straadde sekkjehevd, thomasmjøl og kainitt paa, so saadde han kornet og hakka det ned. Gunnar Lona var der eit par dagar og pløgde og horva paa ein teig. Dei fekk upp so mykje at Asbjørn saadde ut ei liti tunna med havre den vaaren. Dei gamle teigarne hadde grasbunde seg og fekk liggja att.

No skulde han med retto havt uppe ein potetaaker med same, tykte han. Men det fekk visst vera i vaar. Han stod alltid i aa kaupa poteter dette aaret, ikkje fleire folk dei vart til vinteren, berre han og ho. Elles *fekk* han gjerne eit par tunnor heime. Nokre hagesengjer og eit næpetrø —? Aa nei; det fekk koma etter kvart. Ja næpetrø skulde me no visst faa; men sjaa det hasta ikkje enno.

Det var ſjøsmurarne som stod honom i hovudet. Han laut nøyta seg med han hadde desse kararne. Ikkje tykte han han hadde raad til aa hava dei alt for lenge heller, men han var rædd dei kunde strjuka sin veg ifraa han for tidleg og. Slike sveinar var ikkje mykje sætande, det kjende han til. Ein god dag kom dei paa at her vart dauvlegt aa vera i lengdi, og at no hadde dei mange pengar til

godes, no skulde det smaka rivande godt med ein dram og ei flaska øl. Og so saag du ikkje meir til dei.

IV

Tjugande mai kom byggjararne. Og no vart det kavsamare en nokon gong for Asbjørn, endaa no hjelpte dei til det dei kunde baade faren og Torleiv, broren. Dei ropa paa han baade her og der ifraa. *So* var det ein stein han laut hjelpa til med aa faa paa plass, so var det eitkvart dei laut samraada seg med han um paa timbra, so var det byggjemose dei vanta. Faren og broren hadde arbeid med aa hyvla upp timbret; dei vann ikkje stort meir.

Det var eit kav som han aldri hadde drøymt um. Han kunde liggja vaken lange rider um næterne og berre grunda. No maatte han straks faa seg heim sement. Og golvbord laut han kaupa, og visst ei mengd med tak-bord og. Hadde no berre vegen vore ferdug, so skulde han aldri sagt eit ord. Men her laut ein taka det paa ryggen eit langt stykke, og det hefte so fælt med tid burt. Han tykte han hadde fenge bra mykje fram-

køyrt paa vinterføret, heile taksteinen og murstein til skorsteinspipa og timbret.

Men var det ikkje vitlaust og, alt det som vilde til, naar ein slik skulde byggja ein heil gard fraa nyom? Og so dyrt som det vart! Ein hundradkruning det var som ingen ting. Han tykte han hadde ikkje faa pengar: ein grand paa tridje tusundet, forutan dei 300 krunorne han hadde gjeve for Øygardsteigen hans Gjermund, men dei vilde nok snart faa føter aa gaa paa, skyna han. Og her skulde han hava eit par kyr i haust og 2—3 sauer. Og so var det brudlaupet. Eit par *ommar* kom vel paa ei 70—80 krunor, berre dei. Og det eine med det andre. Ein trong eit hav aa ausa av. Men no hadde han teke paa dette, og no fekk han føra det fram anten det kosta so eller so. Kneip det fekk han reisa „paa fjellet" paa Bergenslina ein rykk til sumaren. Nei, det var sant: daa skulde han paa moen og staa unggutturen. Huff! Hadde endaa den vore undangjort!

Dei tykte han tok for stort til med den lødelaani han tufta paa. Men han trudde ikkje det. 6—7 kyr var han meint aa driva denne

garden upp til aa føda, og daa turvte ein romet. Elles hadde agronomen sjølv gjort teikningi, og han hadde vore paa plassen sjølv og teke ut tufti. Det var visst berre det at desse kararne ikkje hadde vit paa kor drjug garden hans i røyndi var! Dei spaadde at fjøset vart for kaldt so lenge han ikkje fødde meire en 2—3 naut. Aa, naar det no vart retteleg tett og lognt, so vilde han tru det greidde seg likevel.

Huff; her vart eit bal og ein strid; men lukka paa reisi. So lenge ryggen heldt skulde det nok gaa. Det muna daa fram den rette vegen no. Ein kunde sjaa dags mun, og god mun ofte. Men han visste ein som skulde gleda seg den dagen det var under tak kome, og so pass tilferda at ein kunde flytja inn.

Nei en han som trong so vel um aa sova, og so laag han berre her og trøytta seg endaa meir ut med aa tenkja paa slikt som det ingi attervend var med no korso. No galdt det berre aa halda øyro stive og laast som ein aldri saag dei som gjekk venta paa at han skulde staa uppraadd. Daa fekk dei likso godt gissa paa at han hadde stole pengarne sine paa lina, eller at det var ver-

faren skulde verta som hjelpte han. Kunde ikkje dei tru nett kva dei vilde?

Det var vel-nok aa leggja smaatt i veg fraa fyrsten og so heller byggja til naar det turvtest. Men so fekk du aldri skap paa nokon ting. Og gjekk det som tanken var med myri, so . . .

Asbjørn sov, men draumarne tok fat der tanken slapp; han kjende seg tidt likso trøytt og utkjava naar han vakna som daa han la seg. Men det brukte gjeva seg naar han hadde ete og kom ut i lufti.

I lengdi trøytna han av aa vera i hop med so mange menneskje stødt. Han var so van no med aa staa i sine eigne tankar i smidja, og han kom tidt i hug at naar alt kom til alt so vart Øygarden just den heimen som høvde ein slik som han. Han kunde gaa og gleda seg til dei dagarne han laut av etter lass: den lange køyreturen paa den folketome vegen gav slik god kvild tykte han. Dei andre arbeidde likso godt honom forutan so lenge. No visste dei etter kvart korleis han vilde ha det.

Paa desse ferderne fekk han seg eit lite svall med gjenta si og. Og ingen ting i verdi

visste han som kom upp imot det: aa sjaa kor varm ho vart i vangarne og kor blank ho vart i augo naar han kom inn.

Ho sydde paa utstyret sitt um dagarne. Ho hadde fenge 200 krunor hjaa far sin, og hjaa ei farsyster som var enkja og barnlaus hadde ho fenge 50 krunor og lovnad um ei ny uppreidd fjørseng. Naar Asbjørn hadde ete og rødt ei rid med foreldri hennar smatt dei unge seg inn i kammerset ei smoga og rødde tvo eine. Ho hadde so mange funderingar um kva ho skulde bruka alle pengarne til. „Det kunde vore gildt med ein sofa i bestestova; og ein stor spegel!" prøvde ho. Han drog paa det. Det *hasta* no ikkje so fælt med sofaen. Nei, ho sanna dette med same. Og ho trudde i grunnen heller ho vilde kaupa ein komfyr. Dei var so henduge aa koka paa. Det meinte han og var klokare. „So sparer me sofaen til me eldest og vert rike!" lo han. „Ja, *det* gjer me!" samstava ho.

Enno hadde ho ikkje vore uppe og set kor det muna med den nye heimen hennar. Ho var svært forviti som venteleg kunde vera, men han var liksom ikkje huga paa at ho kom enno heller, med alt var so rotut og halv-

ferdugt. Difor drog han paa det, naar ho slo frampaa dette. „Du fær no venta eit bil til!“ lo han. „Ja, men berre du ikkje ser meg paa „Solbakken“ fyrr du veit av det ein dag!“ meinte ho. „For det var vel so garden vaar skulde heita?“ „Eg tenkte so ein gong,“ sanna han. „Men finn me eit namn me likar betre so er det ikkje for seint enno.“ „Kva skulde *det* vera, daa?“ „Nei eg veit ikkje.“ So kallar me han „Solbakken“ daa!“ „Ja, *du* maa raada for *det!*“

„Du —?“ sa ho. „Eg tykkjer det er so rart, at eg alt skal gifta meg!“

„En eg daa!“ sa han. „Men kva raad er det? — det skal so ein gong gjerast!“

Han drog henne inn paa fanget sitt og kviskra i øyra hennar: „Mi, mi, mi gjenta!“ Det tok dei stundom med laatt — ein døyvd innestengd laatt; foreldri sat i stova med sida; dei laut fara aat som folk.

Men det banka i det unge blod. Og stundom kreista han henne til seg so ho heldt paa aa missa anden . . .

„Eg vilde ynskja at me *var* gifte og heimflutte!“ kviskra han.

„Du —!“ sa ho og kneip han i øyra.

„Tegjer du ikkje still so klagar eg deg for mor!"

Ein einaste kyss til, so laut han ut og sjaa til lasset sitt. Det var golvbord denne gongen, og so mjøl og kaffi, gryn og fisk og kjøt, og spikar og anna smaatt. Han fekk hesten fyre og drog paa heimvegen.

Og kvardagstankarne kom att. Han var trøytt, naar han kjende vel etter. Kunde havt godt av aa setja seg upp paa lasset ei rid her paa flata. Men hesten var vel trøytt han med, og so fekk det vera. Hadde berre vegen vore ferdug fram, so skulde han aldri sagt eit ord, men det lange, leide stykket ein laut bera alt paa ryggen, det gruva han for meir og meir. Han trudde han fekk køyra upp tvo-tri lass til desse dagarne og so fara grannegong um sundagen, beda i hop likt og ulikt mest som til ein dugnad, faa seg god folkehjelp til aa bera ein dag, so ein kunde sjaa mun i det. Verst vart det vel med maten. Middag til alle vart det reint uraad med, som han no var stelt, men det visste folk, so dei tok nok til takke med kaffi og braudmat for den dagen.

Han smaka paa tanken. Det var um vêret heldt seg; men det gjorde det visst dette

aarsens bil. Folk tok til aa leggja av med aa beda til dugnads no, og hadde vegen vore der, so vilde han aldri kome det i hug. Men kor daa? — vilde dei ikkje koma, so var det ikkje meir. Dei kom nok. Kven saag seg saknad i ein dag fraa eller til? Og naar mangmannen kom i hop vart det liv og lentor av, det visste alle. Ikkje hadde han noko utestaaande med nokon det han trudde; det var at dei tykte han tok for stort til og emna for grust, og so for ein dag; ein og annan bar vel som eit slag ovund til han, sidan han hadde tent so svært paa lina; folk var soleis. Men dei gav sagte ein dag likevel, skulde me sjaa, dei var forvitne og, maa tru! — og det vilde vera eit velsigna varp naar ein ikkje dagstødt turvte gaa træla og bera. — Han vilde tala med foreldri og arbeidsfolket um dette; høyra kva dei talde til.

Det leid snart fram til slaatten; det galdt aa driva paa. Naar huset var under tak var det mest um aa gjera aa faa løda so ferdug at ho var til aa hausta i. Innreiden laut heller koma etter kvart.

Staale, byggjaren, hadde vore meint aa segja det med Asbjørn for lenge sidan at

han skulde beda seg hjelp med beringi, lét han. „Faa med Sigmund Lid og Paal i Gjordet, gjeng du fyrst burt i dei gardarne!“ sa han.

V

Jau, dette gjorde mun! Aatte byrdar i vendingen! Asbjørn lo og lika seg. No skulde han sleppa ha hugs for so mykje meir bering, trudde han; for no meinte han han hadde køyrt fram det meste av det som *til* skulde. Kunde nok vera han forrekna seg no som fyrr, men um det no vanta eit par lass til eller so, so var ikkje det all verdi.

Det var berre leidt at han hadde ikkje arbeid til folket heile dagen. Det kom fleir en han venta. Hadde han kome seg fyre so skulde han sett det ut ein dag eller tvo, so hadde Staale byggjar fenge bordtoka og trod paa, og daa kunde det vore godt med denne velsigna mannamunen til aa langa taksteinen upp. Staale hadde rett nok nemnt dette um fredagen, men daa hadde Asbjørn longe slege frampaa med eit par, og dei hadde sagt at kunde det vera som i dag, maandagen, *so* skulde dei koma, men sidan vart

det verre um tid. Og so tykte ikkje Asbjørn han vilde gjera noko atterbod; folk kunde tykkja det var løgje det òg!

Men Staale munde eitkvart ha under hetta. Dei hadde arbeidt paa sprengen han og den andre byggjaren baade fredag og laurdag, mest so lenge dei kunde sjaa um kveldarne. Likeins faren og broren. Og no vanta det ikkje stort utan takbordi og trod.

Staale heldt paa spikra fast mønebordet daa dei kom med fyrste vendingen. No ropa han paa Paal og Sigmund og spurde um ikkje dei likso godt kunde koma upp til han. „De er for gode til aa vera klyvhestar," let han, „og alt for mange er de og! Me treng hjelp her uppe med!" Dei gjekk, og Staale sa dei fyre. Asbjørn og hine gjorde vendereis; men dei høyrde, fyrr dei for um leitet, at det tok til aa verta livande paa timbra. Det rein og kvein av saging; det gnall og skrall av hogg og hamarslag.

„Maa me faa ein mann til?" ropa Staale daa dei kom att. „Me treng ein til aa senda oss bord."

Ein ungdom baud seg til og vart godteken.

„Men de maa fara vent med han!“ var det ein som sa.

Det vart laatt av. Folk var i godlag og tykte moro i alt.

Men paa toka tok det til med kapping millom det gamle og det nye arbeidslaget. Dei for til med aa spikra paa bordtaket fraa kvar sin ende; hamrarne gjekk som trumbestikkor, og han som bord skulde senda fekk nok aa gjera. Anders, som hadde lova aa ha kaffikjelen ferdug til berarane kom att med tridje vendingen, laut hjelpa han av og til.

„Staale er ein lathund!“ sa Paal. „Men eg og Sigmund skal læra han korleis dei arbeidar, folk som *kan!*“

„Mh!“ sa Staale. „Var det so eg høyrde nokon som hosta?“

Berarane vilde lite tru seg sjølve daa dei kom att, og saag kor store flak av bordtoka det longe var paalagt. Men soleis arbeidt hadde ingen set heller; det var so det spratt fraa henderne. Dei stod nede og berre lo, berarane, til Anders ropa dei hit til seg alle; for no stod „Svarte-Lars“ og venta.

„Du veit,“ sa Staale, han svelgde ei mat-

tugga og saag upp mot husmønet, „var det so me nett *vilde,* so mange me no er, so ser eg nok det, at me skulde greida faa steinen paa fyre kvelden."

„Nei no er du galen!" meinte Anders.

„Høh!" bles Paal og hyfsa herdarne. „Huset *skal* under tak i dag! No høyrde de eg kviskra ikkje! Me hev det paa forsagt!"

Men dei fleste var vantrune.

„De skal faa sjaa!" meinte Paal; han kveikte pipa. „Men daa maa me ikkje sitja og drunta for lenge!"

„Lat no maten faa siga," sa Anders.

Men Paal og Staale var alt paa beini, og so spratt dei upp hine med. Det var som kappehugen tok dei kvar ein. Berarane skodde av seg, so dei kunde springa lettare. Men han som hadde langa bord banna paa at no kunde ein annan staa og senda. Asbjørn vilde gaa sjølv, men so kom Stor-Ola Neset og baud seg til aa staa. Han hadde fenge ein stubb i foten her um dagen, og det var ikkje fritt det verkte ein grand naar han bar. Ja, ikkje so det nauva noko større heller daa, sa han.

Paa taket tok det til med ny trumbeslaatt

av hamrar som slo spikrar i og øksar som skjønshogg for mønebordet. Anders fekk plassen hans Staale, med han rettleidde Torleiv so snaraste paa baksida; han skulde sneidhogga gavlstokkarne i røystet etter det striket Staale drog millom aasarne.

„Det er godt med mange hender!“ sa Anders.

„Men skam faa mange tenner!“ let Paal. „Var det ikkje so mannen sa?“

„Dei hermer so,“ sa Anders.

Asbjørn gjekk som i ein halvdraum og undrast um det verkeleg kunde vera rim i at huset kom under tak til kvelden. Daa skulde han læ godt, tenkte han. So kunde det ikkje staa lenge paa aa faa ned dei 5—6 golvi; det gjorde han og Torleiv naar Staale synte dei ein grand. Og løda skulde reisast av stigeverk so den vilde det gaa fort med. Haa, jau; me skulde sjaa det laga seg no! Pengar gjekk det, men dei fekk gaa, daa. Det han hadde sett seg fyre det skulde fram no som han hadde tenkt det. Det var for seint aa trega etterpaa um ein fuska nokon ting ifraa seg. Dei sa: „var det ikkje godt nok til so lenge soleis og soleis?“ Visst kunde det vel

greida seg so lenge, men var det sagt det vart billegare aa taka det att sidan? Og sumt *kunde* ein ikkje taka att sidan, justsom no med sementbotn under bingen. Var fyrst steinarne skitna, so var det for seint. Difor laut det likso godt takast med same naar han hadde sett seg fyre at han *vilde* ha det. Og av mỳk fekk ein gardmann aldri for mykje; det visste me; og det vart ikkje billegare aa kaupa det ein sjølv kunde avla. So det var nok best alt gjekk fram etter tanken. Og no var tidi; for no heldt me paa med det. „Ein annan gong" var ein skjelm. Daa kunde det koma tusund ting i vegen.

„Du fær ein greid gard," var det ein som sa.

„Ja, fekk eg det i stand ein gong, og vegen kom, som det hev vore so lenge tale um, so trur eg og *det,*" smilte Asbjørn.

„Men det vil kosta!"

„Det vil det. Men so veit me ein fær ikkje stort for inkje heller, her i verdi."

Daa dei kvilde middag hadde Asbjørn mist trui paa at dei greidde „forsagten" i dag. Det meste av bordtaket var kome paa, det var so; men no skulde ufsi reinskjerast og

tvertrodi paa. Vindskeibordi vanta enno og ymist anna. Men Paal og Staale bles berre, daa han nemnde sine tvil. Taksteinen *skulde* paa i dag, det var sagt, og so skulde det staa!

„Ja, men —!"

„Ikkje ein knyst vil me høyra!" sa Paal og lest morska seg.

Klokka fem var det enno att aa reinskjera ufserne, men no var det likt til at baade Staale og Paal vilde syna kven som best kunde bruka ei stikksag. Dei andre stod berre og lo.

Dei hadde gjort ifraa seg beringi for eit bil sidan og venta berre paa at hine skulde gjera seg ferduge. Anders og Torleiv bora spikarhol i vindskeisteinarne. Asbjørn skar flaskekork i tvo og trædde paa spikrar til aa festa møne- og vindskeisteinen med.

So var dei paa ufserne ferduge med sitt. Staale fyrst; men Paal sa det kom seg av at den fulingen hadde teke beste sagi. Og daa var det vandelaust aa vinna, meinte han. „Ja, kom daa med stein born! Men de maa stella dykk upp fyrst, so den eine kan naa i den andre naar de sender. Og so fær me vera tri eller fire til aa leggja paa."

Enno var det eit heilt tatl med aa fella ned vindskeisteinen i bordet, fyrr det kom fart i arbeidet, men sidan gjekk det viljugt og vakkert som det var smurt. Staale sat øvst med mønet og saag til at rasterne vart rette og beine.

„Eg skulde talt med Asbjørn so snaraste," sa Paal.

„Kva var det daa?" Dei stogga alle.

„Eg vilde spurt um han enno trur me lyt gaa ifraa forsagten fyrr me er ferduge."

„Nei," lo Asbjørn. „*No* gjev eg meg!"

„Jaja, broen; lær no til ein annan gong at du ikkje legg imot vakse folk! — Me ventar paa stein!" kveste han. „Kva dræler de etter, folk?"

— Klokka gjekk til ni. Alle mann stod nede og saag paa verket. Asbjørn var so takksam. „Det er berre so leit, eg ikkje skal ha noko godt aat dykk!" sa han og kjende seg mest paa graaten.

„Aldri bry deg, broen!" trøysta Paal. „I dag kunde me gjera deg ei beinka; ein gong du hev tid fell det til deg aa hjelpa ein annan som treng. Er det ikkje berre godt at den eine kan gjeva den andre ei hand naar

det knip? Eg likar aldri folk som ikkje torer tala utum naar det er noko! Det kan likso tidt vera storlæte som sit under, som det er noko anna! No sa Paal det *han* meinte!"

Dei andre tok uppunder og var fullsamde. Ingen saag seg saknad i ein dag dei gjekk burt soleis. Og det hadde noko paa seg aa husa ein gard fraa nyo; det visste alle som vilde tenkja etter. Asbjørn hadde aldri kjent seg so varm um hjarta det han visste, som den kveldstundi. Han gjekk rundt og tok kvar ein trufast i handi med tusund takk for hjelpi.

So gjekk kvar til seg.

VI

Det var ei ovstor letta aa vita huset under tak, men ikkje so Asbjørn enno saag namn til nokor kvild paa dei næraste leite. Det galdt som fyrr aa hanga i seigt og trutt fraa dag til dag, men likevel hadde han daa stundom no ei kjensla av at det tyngste var undangjort, og at det halla den rette vegen. Det kom golv og loft i stovorne etter kvart, og paa lødetufti reiste stigeverket seg til ut-

husi. Hadde no dei med vore under tak! — og hadde skorsteinen vore mura!

Enno var det langt fram aa sjaa. Og no stod snart slaatten for døri. Sume hadde alt fare til i skrape-liderne der dei aara slaatten.

Det galdt um aa faa løda i stand, so mykje ho vart til aa høya i. So vart det ein stogg med arbeidet ei 14 dagars tid eller tri vikor. For byggjaren laut vera heime nokre dagar i travlaste slaatten han med. Amerika tok ungdomen, so her var raadlaust aa faa leiga ein slaattekar fyrr det leid paa. Torjus murar kunde heller ikkje koma og mura skorstein fyrr han hadde slege det meste.

Ingi raad med det, og so laut det tolast. Endaa det var so det brann i Asbjørn no etter aa sjaa alt ferdugt. Han hadde ikkje vore tenkt aa brandtrygda husi fyrr daa, men ei natt han vakna fekk han støkken i seg. En um det fata varme i, ein god dag, so stod eg der naken som naali og orka ikkje paa mange aar aa reisa tapet! Det fyrste han hadde ærend nedanfor var han inne hjaa ein agent og løyste eit trygdebrev paa tri maanader.

Aara slaatten o: slaa berre anna kvart aar.

Denne gongen — det var ein laurdag — vart Sigvor og foreldri hennar med upp. Sigvor skulde vera att og hjelpa til i slaatten og elles no frametter, for den tausi Asbjørn hadde fenge leigt til hjelp aat mori hadde ikkje tid lenger.

Han hadde nok vilja det skulde vore meir ferdugt fyrr dei kom. Enno laag det mykje i eitt rot paa tunet med bord og stokkendar og spøner. Og berre den eine stova hadde fenge glas. Men det fekk ikkje hjelpa. *Han* lengta likso mykje etter aa syna det fram som det var, som *dei* stunda etter aa sjaa korleis det peika. Og dei let vel. „Aa du!“ ropa Sigvor med same ho kom paa leitet so ho saag til gards. Far hennar sa ingen ting fyrr han hadde set seg um. So nikka han. „J-hau, j-hau!“ Vermôri, skulde verta, tykte helst det var alt for grust tilteke. So lenge dei ikkje var fleire kunde det godt hjelpt seg med mindre, tykte ho. „Kjem det ikkje til aa kosta yverlag mykje?“ vilde ho vita.

„Me veit, skulde ein teke det fraa kjøpmannen alt, og leigt heile arbeidet, so hadde ikkje eg stade i det. Men no gjeng det tollegt,“ svara Asbjørn.

„Fær de ikkje noko lang vatsveg?“ spurde ho og saag etter bekken.

„Aa nei,“ meinte Asbjørn. „Eg kan faa vatn her trast under bakken, vil eg. Men elles er det tanken aa leggja ned røyr og faa springvatn baade i kjøken og i fjøset so snart eg fær stunder.“

„Her skal verta unesamt!“ sa Sigvor, ho var rundt alle stader og saag seg um. „Og *du* for eit kjellarrom me fær!“

„Romet kjem alltid vel med!“ sa far hennar. „Og kjellar-romet held eg for billegaste romet i heile huset.“ Han og kona gjekk ned og saag.

„Du hev vore ein fuling til aa tenkja det ut!“ kviskra Sigvor daa dei vart aaleine. „Eg hadde aldri trutt du var so god!“

„Er du fornøgd?“ smilte han.

„Ja du var daa god! — Eg veit me fær det gildt her!“ kviskra ho.

„Det trur eg med. Berre du ikkje kjem til aa lengta!“ sa han.

„Eg kan ikkje lengta naar du er her!“ meinte ho og saag paa han med dei varme gode augo. Hadde han visst dei gamle var i kjellaren enno hadde han kysst ho med

same. No fekk det vera til han visste seg radt aaleine med henne. Ein fekk vera folk! Men ho skulde ha til godes, naar dei vart retteleg aaleine ein gong! Han saag paa den blømande helsesterke gjenta si, og det lo inni han. Kor han gledde seg til desse fjortan dagarne i slaatten! Men endaa meir til hausten! Det var berre godt han hadde henderne fulle med arbeid til kvar dagen; di snøggare gjekk tidi.

Han tok henne med og synte korleis han var tenkt aa skipa fjøset. Foreldri hennar kom i syne att og saag seg ikring fraa husnòvi.

„Er det no ditt alt det me ser?“ spurde vermori.

„Alt det de ser derifraa,“ sa Asbjørn.

„Du fær eitkvart aa dyrka paa fyrr du fær brote upp alt dette!“ meinte ho.

„Det er nok meir en *eg* vinn med,“ lo han. „Men dei lyt ha eitkvart aa masa med dei som etter kjem og!“

„So sant; so sant!“ nikka mannen.

„Men no fær me sjaa meir i morgon,“ sa Asbjørn. „No maa me heim til mor aa sjaa um ho finn eitkvart aa bita i! Me liver ikkje av dette!“

Dei fann tølorne og knyti sine og tok i vegen att burt imot kleivi. Dei unge fyre. Sigvor var i røelaget sitt og hadde slikt mod. Du, kor gildt dei skulde faa det, naar dei flutte no inn i den nye heimen sin for godt! Det var just godt han ikkje laag midt i folke-augo. Slikt eit eventyrslott i skogen var nett lauken, det. So kunde ein stella seg som ein vilde, og det var ingen som undrast um dei ikkje saag det rauk av skorsteinspipa plent paa slaget. Sigvor snudde hovudet og tok méd, um dei gamle kunde høyra noko; so skravla ho i vegen att, hastande, raud, med laatt i augo: „Eg hev alltid tenkt meg det maatte vera noko av det beste i verdi aa smøygja seg inn i armen til mannen min eit lite kipp fyrr eg turvte risa um morgonen. Just som ein vintermorgon naar me ikkje hadde noko aa onna etter, nokon av os —? Kva trur du?“ Ho nugga han i sida med ein kjætelaatt.

„Nei høyr!“ lo Asbjørn. „Er det slikt du stilar paa? Det var godt eg fekk vita det! Tenk, trudde du det var soleis aa vera gift, du?“

„Korleis er det daa?“

„Risa i svartaste otta og faa under kjelen. So ber du paa bordet. Og vinn du meir fyrr kaffien er kokt triv du rokken og spinn ein rykk. So grev eg meg fram naar det tek til aa ornast i stova, og naar eg hev ete gjeng eg paa arbeid. Tenk, taka seg tid til klapping og kjæling!“ erta han, skalken.

„So trur eg aldri eg *vil* gifta meg,“ let ho.

„For seint aa trega no; no hev du lova!“ meinte han.

„Me hev ikkje vore for presten enno!“

„Mh! Eit ord er eit ord og ein mann er ein mann!“

„Men eg er berre ei gjenta.“

„Ja—a, det hev du rett i. Du, naar eg tenkjer yver det du sa, so kunde det gjerne ikkje vera so or vegen korso for ein gong skuld, so i millom — det du nemnde!

„Du veit det var ikkje onnorleis eg meinte, eg heller,“ kytte ho.

„Daa vil eg ikkje segja so hardt i mote.“ Han fann handi hennar som snaraste; kom so i hug at det var nok høvelegaste han venta inn gjesterne sine so dei kom i fylgje til gards.

VII

Det var som ei helg dei dagarne Sigvor var der, og slaattonni stod inkje paa. So kom byggjarane att, og muraren nokre dagar etter. Det tunge slitet fraa fyresumaren som no skulde taka seg upp atter baud imot fraa fyrsten, men Asbjørn beit tennerne i hop og tok med tol det som takast maatte. Han trøysta seg med at kvar dagen var eit stig fram imot fullendingi. Og han kom snart i vane atter. Han grov sand til muraren og laga murkalk; han gav byggjaren ei hand naar det var noko, og gjorde den nytta han kunde. Saag med hugnad kor det seig fram fraa dag til dag, men gruva seg imillom — helst um næterne — for alt det kosta. Berre han ikkje hadde teke seg vatn yver hovudet!

Det skipa seg no etter kvart. I kjellaren kom det open skorstein; i kjøken flat koke- og steike-omn og so ein vanleg malmomn i vestre stova. Glasi og dørerne kom inn og fekk listverk paa som til høvde. Tropp til loftet kom inn. Fjøset fekk sementgolv og tri gang-glas. So var det dører til fjøs og løda og laave og kjellar, og tusund ting som

du aldri kom paa fyrr du sakna dei; veggjeband til kyrne; gangjarn til alle dørerne; baasveggjer; kornbinge, jordeplebingar. Og bord laut kjøpast fleire vendor enno, ikkje aa tala um spikar, for det skein no yver alt, det. Ja, og so var det grytor og kjerald, bord og benk, seng og stolar, kistor og kjer. Mykje av sovoren laus bunad og innhus-ting fekk han likevel av folket hennar Sigvor, og det kom retteleg vel med for no lakka det stygt mot den tidi bankboki var uttent. Naar han fekk kaupt den kui han hadde set paa, — *ei* fekk han heime, — so vilde det ikkje feitt vera att. Endaa vilde takstmennerne vita at det var eit under kor rimelegt han hadde sloppe ifraa det med utlogorne.

— Brudlaupet slapp daa Asbjørn aa hava hovudbrot for. Det skulde Sigvor og hennar folk stella med; for hjaa dei skulde det staa. Dei var samde um aa gjera berre lite av det; berre beda næraste skyldfolket. Mikjellsmesdagen vart dei vigde, og tvo dagar etter flytte ungefolket heim.

Dei hadde lass med: mjøl og matvara, og brudlaupsgaavor og klæde. Asbjørn laut av etter tri ryggbyrdar fyrr han fekk roa seg

um kvelden, endaa Torleiv kom og hjelpte han. Torleiv og foreldri hadde gjenge heim dagen fyre. Han leidde kui med seg daa han kom i dag. Sigvor var med etter ei byrd fyrst; so mjølka ho kui og stelte paa bordet til kararne kom att med siste vendingen. Det vart ikkje mange ord sagde. Dei var trøytte baade den eine og den andre.

Men daa Torleiv hadde ynskt god natt og gjenge tok Asbjørn kona si paa fang.

„No maa du vera velkomi heim, kona! Og gjev at du maatte trivast og faa det godt her! Eg hev lengta etter denne stundi meir en eg kan segja frametter sumaren, for daa visste eg eg kunde taka meg ei kvilestund eg med; — endaa eg veit nok at myri ligg her nede og ventar. Men so er me daa komne *so* langt, — Gud skje lov for det! — Og so fær me kjenna etter korleis det er aa sova i vaar eigi seng i vaart eige hus. Eg er trøytt, og me hev ingen ting aa sitja etter.“

Ho sat ihopkropi i fanget hans med hovudet inn mot bringa. „Eg kviler alt!“ sukka ho. „Men kom! Eg trur kvila skal vera baade mjuk og god. Og i morgon maa du vel liggja lenge!“

VIII

Jau. No kunde Asbjørn kjenna at han livde. I sumar hadde han vore træls træl og ærendgut aat alle sine arbeidsfolk. No endeleg var han sin eigen herre som ein mann skal og bør vera. Det var godt, tykte han. Han trega paa ingen ting no. Han var takksam og fegen for so langt lidande.

Han trødde trygt og traust i tunet paa sin eigen heime grunn. Han laag med godt samvit burt paa sengi og kvilde um kveldarne, naar han hadde ete og bytt klæde. For augo hadde han daa det fagraste bilæte han i verdi visste: Sigvor som sat burt med bordet i ljosglansen av lampa og sydde eller spøta.

Um morgonen bar han ved og vatn inn til henne. Var daa vêret til det gjekk han ut til sitt. Bakken under husi vart broten denne hausten, og tunet fekk si fjelging. I ruskevêr stod han paa laaven og treskte kornet sitt eller stulla med anna innanhyses. Kona fekk seg hyllor og knaggar i kjøken og klædeloft; dei hengde upp og raadlagde og skipa; spikra upp bilæte paa veggjerne; hengde gardin for

glasi, maala golvi og pynta. So laante han heim bøker og las for Sigvor, eller ho las for han til eit byte; det vart tid til sovore og, dei lange vinterkveldarne. Dei treivst so overs vel i „villskogen" baade ho og han, og sakna ikkje verdi nokon av dei. Var Asbjørn til handlaren, eller ute i bygdi elles ein dag, gjorde han vegen heim atter so stutt han kunde. Naar so Sigvor kom inn med kaffien laag det oftast ei varm pannekaka med sukker paa innmed. Daa var det som det lo inni han. Ikkje so mykje for kaka, for han var ingen matkrok; men for di ho vilde gjera seg den umak berre for hans skuld.

Det stod vel til, tykte Asbjørn. Men han vilde ynskt han aatte mange pengar so han kunde gjort livet retteleg ljost og sælt for henne att!

„Den som hadde aatt tusund krunor til, no!" sa han ein kveld.

„Um du no fekk dei," lo ho, „so kom du berre til aa trega deg all di tid, at du ikkje likso godt ynskte deg tusund til med same du for med det!"

„Eller hundrad tusund," sa han. „Aa ja; det torde vera gale nok!"

IX

Sigvor sat inne og sydde paa smaaty. Og tankarne leika. Ho tenkte paa underet som var i vente, — aa, du store tid kor rart det vilde verta! Det gjekk ilingar igjenom heile menneskjet, augo vart blanke og andlitet so varmt og sælt, som ho saag inn i eit himmerike. So skifte det att; hugen var ein svirt heime hjaa mori. Det var noko ho skulde spurt henne um. So gjorde han eit langt hopp inn i myrkret heilt nord til Stavanger, til Madla, der ho aldri hadde vore: kor tru Asbjørn hadde det no? Tenkte han paa henne som sat att her aaleine og vakta slottet hans? Ja gjorde han det ikkje no just i denne sjølvsame stundi, so var det visst ikkje lenge imillom. Det skreiv han, og det visste ho var sant; ho visste korleis det var med henne sjølv.

Det var lumre og varmt inne endaa glasi stod opne. Med ein gong myrkna det og det gjekk ein sukk og ein sus gjenom skogen. Kom det regn? Det vilde gjera godt baade paa aaker og eng med ei bløyta no. Sigvor gjekk til glaset og vilde sjaa ut. Vel ho var

komi burtaat skar det ein kvass ljonglimt igjenom henne so braatt og kufst at ho kjende kje til seg paa lenge. Straks etter braka det laust som verdi skulde gaa til.

Og ho som jamt var so rædd i torevêret!

Ho skalv i knéi med ho fekk att glasi. Der ljona det ein gong til! Kvar skulde ho gjera av seg? Renna heim til Høyland? Det torde ho ikkje. Aa nei høyr for eit brak! — endaa verre en det fyrste! Høyr! — enno held det paa; — enno! Gud fader i Himmelen! Og der kom det tvo nye ljon med ein gong.

Ho vilde breida seg under i sengi. Fekk gjera seg so roleg ho kunde; elles gjekk det gjerne gale med henne! Det letta snart skulde me sjaa. Det var ingen faare. Det kunde ikkje halda seg lenge nett her midt yver hovudet hennar. Men *um* det no slo ned? Slo ned i skorsteinen, fylgde omnsrøyri og sprang hit i sengi —?

Med same ho glytte fram, vilde taka méd um det var rim i dette fekk ho ein ny blink midt i synet. Og mest i same stundi kom skrellen so huset skalv. „I Jesu namn!“ kvi-

skra ho og gøymde seg att. Ho vilde graata; det vilde hjelpa tykte ho; men graaten sat fast. Aa, hadde ho no vore heime hjaa mor og far! Aa, hadde ho kome slikt i hug, daa hadde ho visst aldri lova seg til aa flytja her upp! Ho stokk i hop for kvar ny byrting liksom ei livskræmd liti mus. Men kvar vart regnet av? Nokre dropar; mest inkjevetta — jau no kom det! No kom det! Aa du! — Nei høyr kor det trumba paa taket, sjaa kor det rann av ufserne, — smaa bekkjer! No var visst det verste yver? Denne siste byrtingen var ikkje so kvass som hine, og kvar vart skrellen av? Enno ingen, jau no? So var tora alt langt undan.

Gjekk det ikkje i ytredøri? Sigvor kom seg fram or sengi og sletta etter seg. Kven kunde dette vera som var ute og gjekk i dette vêret? Ho venta med augo mot døri.

So var det Anders, verfaren. „Han bløyter!“ sa han i døri. „Det vart reint ovtak til vêr!“

„Kor hev det seg at du er ute no?“ laut Sigvor spyrja.

„Det var kona,“ sa Anders; „ho sa: berre ikkje Sigvor fæler som skal sitja aaleine i

Øygarden i dette himmels vêret; — eg trur ho hev sagt ho er so rædd tora." „Eg kan gaa burt og sjaa til henne," sa eg. „Ja gjer det!" sa ho. So tok eg sydvesten og oljetrøya paa meg og labba hit. Eg meiner du hev stade deg godt?"

„Aa, eg hev vore so avskræmd eg torer aldri fortelja det!" sa Sigvor.

„Ja det var ikkje so han gav paa! Det var ikkje med maate!"

„Nei var det vel? Og eg tykte det heldt seg beint uppyver huset her heile tidi, med det var paa det galnaste. Ein kunde ikkje tru her hadde vorte bitarne att!"

Anders sette seg og kveikte pipa.

„Men me kan vera glade for den gode bløyta jordi fær. Det vil gjera godt for mange skippund høy til hausten maa du tru!" So fortalde han ei slòsa um Galne-Jo. Det hadde vore ei lang turkerid. So fekk dei ei nyttug flód paa resten. „Denne flódi var verd tie dalar!" sa Galne-Jo, han gjorde seg so vitug. „Ja, utyver *heile* landet!" sa han. Han tykte nok han hadde teke munnen helst hosta full!"

Sigvor laut læ. So kom ho paa at no laut dei ha seg ein god kaffiskvett.

Daa ho svinta yver tunet etter ved laut ho stogga som snaraste og suga i seg nokre drag av lufti som kjendest so svimrande sterk og frisk no etter uvêret. I aust var det kome att ei bot med blaa klaar himmel, men yver tretopparne nedst i vest stod han svart som ein kolsekk enno, og der høyrde ho framleides døyvde brak av tora.

Ho møtte Anders i døri, daa ho kom med vedfanget. No hadde han ikkje meir her aa gjera og vilde paa heimvegen. Men ho fekk han inn att. „Eg hev eit arbeid til deg med du ventar!“ smilte ho. „Du skal slipa saksi mi! Og ved-øksi treng visst og eit par umgangar!“

„Finn fram!“ sa Anders.

– Ho sat paa benken framanfor husveggen med eit spyt den svale kvelden. Det var so fredsælt, det var so friskt alt; ho kunde mest ikkje faa seg til aa gaa inn og leggja seg. Nei, ho trega ikkje paa ho fylgde Asbjørn her upp til „huldreslottet i skogen“ som han ein gong kalla det. Og ho skulde nok vakta det og passa det til han kom att. Kva hadde ho vore rædd? Me er daa i Guds

hand kvar me er. Ho tok til aa smaasyngja paa det salmeverset:

Mit hjarta, lova Herren,
og alt som er i meg hans namn!

So las ho i tankarne fadervaaret og takka for alt godt. Taarorne kom i augo naar ho tenkte paa vermôri som kunde koma henne i hug straks ho gaadde uvêret. Og no var det ikkje so grovt lenge att fyrr Asbjørn var ventande heim.

— Lite kom ho den kvelden i hug kor lenge dei dagarne skulde verta.

Det var sumaren 1905. Ho visste um at me hadde sagt oss lause fraa kongen og Sverike, men det var ikkje so tidt ho tala med nokon, og liti greida var det aa faa. Bladet fekk Asbjørn til seg paa moen med han var der.

Men no høyrde ho mange som dømde paa at det gjerne vart krig av. Og daa laut Asbjørn ut, det tvila ho ikkje paa.

Ho fekk so hjarte ilt. Ho kunde mest aldri faa det ifraa seg att. Var det burte ei liti rid so kom det att med flagor so ho veikna i knéi og laut setja seg beint ned.

Um kveldarne laag ho so lenge fyrr ho fekk sova. Ho berre talmast med det same, det same. Daa kunde ho undrast at ho hadde vore rædd torevêret. Kva var tusund torevêr mot denne fæle uvissa. Tenk um det kom bod at dei maatte aust straks paa timen! Tenk um ho aldri fekk sjaa han att? Det stod ho aldri yver, nei aldri!

Anders, verfâren, kveikte henne upp naar han var der. Han kytte at ho turvte aldri bry seg meir en som naar ho hadde Asbjørn heime i stova. Svensken vaaga eitt minder, maatte ho tru. Dei kjende for vel til at me var ikkje spøk aa nappast med. Hadde dei vaaga, so hadde me havt dei yver oss med det same, daa hadde dei ikkje drygt til no, maatte ho tru.

Og trudde ho kanskje ikkje Michelsen og Løvland og Berner og dei kararne hadde rekna kvar bidige tingen ut, so dei visste kva dei gjorde? Jau, ho kunde vera roleg!

Kongen og det svenske riksstyret sa det elles sjølve, at skulde dei halda paa unionen med magt naar nordmennerne slett ikkje vilde, so vart det berre til ulukka; dei tapa mykje meir en dei vann.

— Asbjørn sa det og — i brevi sine — at ho maatte berre ikkje fæla. Det gjekk nok godt. Han vilde ynskja ho hadde vore med ein gong naar dei song fædrelandssalma: „Gud signe vaart dyre fedraland!“ „Aldri sidan,“ skreiv han, „vert ho vel sungi som no! Det bivrar deg i kvar den taag av von og tru og bøn og siger. Eg veit det er vondt for deg som sit aaleine der heime, og sjeldan fær tala med nokon. Men du maa trøysta deg til Gud og vaar gode sak. Det som hende 7de juni, det *maatte* henda; det *skulde* henda! Veit du: eg tykkjer det er reinare luft i landet no, eg kjenner meg ein gong til so sterk som fyrr; eg kunde ofra kva det skulde vera for landet og folket; og soleis er det med oss alle! Me veit ikkje enno um me slepp heim til vanleg tid; heller ikkje um me skal ut att sidan; men me skal ikkje syta for dagen me ikkje hev set.“

Det torde gaa betre en ho trudde, men ho var so rædd! Skulde ho missa Asbjørn so kom ho til aa syrgja seg i gravi ho med. Og ho vilde heller det en liva etter aaleine, tykte ho. So fann ho han atter, og so skulde dei aldri meir skiljast.

Men barnet? Ja, det hadde besteforeldri; men ingen kunde daa elska det som ei mor kunde.

Det verkte i hovudet av alt ho tenkte. So bad ho. Det hjelpte. Gud Fader han visste raad for alt. Og paa resten tykte ho at ho torde gjeva seg yver og segja „din vilje raade" utan atterhald. For det var sant, men ho gløymde det berre so tidt: Hans vilje var all tid berre det som godt var og som tente oss best.

Bugonga vart ho so glad i. Det gav slik forunderleg fred og trygd aa vera i hop med kyrne den stundi ho mjølka. Dei fekk ein grand salt og mjøl til aa slikka paa, so stod dei og geivla og jorta so fredsælt og fornøgde, slengde ein rovedask etter flugorne daa og daa, men vyrde dei elles ikkje.

So var det maaltrosten kveld og morgon, helst seint um kveldarne. Sigvor kunde sitja paa vollen vest av huset og lyda paa dei lange stunderne fyrr ho gjekk inn og roa seg. Der var eit par som kappast kvar kveld, og ikkje vilde gjeva seg nokon av dei. Dei fann upp dei raraste og vandaste trimulantarne du kunde tenkja og vilde setja

kvarandre fast, var det likt til, men kven som var basen anten den der nord eller den der sør, det visste ikkje ho til aa segja.

X

Asbjørn kom heim ein ettermiddag i siste helvti av juli maanad. Sigvor saag han gjenom glaset og kom i mote han paa tunet, bljug og blømande. Ho gav honom baae henderne:

„Velkomen heim att, Asbjørn!"

„Takk!" sa han; „hev du havt det vondt?"

„Aa," drog ho. „Ja! eg hev ikkje havt det so godt heller. Men *no* er det godt!" Og ho gøymde seg innaat barmen hans.

Han slo armarne kring henne og vilde bera henne inn. Ho lo ein liten laatt og sleit seg fraa han. „Er du øren, mann! Kva tenkjer du paa?"

Daa sansa han seg og vart spak med ein gong. Det var sant: slik ei liti ungfrua fær ein nok ikkje vera hardhendt med! „Eg skal vera snild," kviskra han og smilte godt. Ho klappa kinni hans. „Det veit eg du vil!" sa ho.

Dei gjekk inn. Ho fann fram mat aat han, og so laut han fortelja. Det var ikkje so mykje nytt han visste. *For det fyrste* var det fred og ingen faare, saag det ut for. Den svenske riksdagen var samla og skulde finna paa eitkvart, men kvar vilde dei av? Gjort var gjort no, og det fekk tolast, anten det smaka søtt eller beiskt. Til ei trygd heldt me vakt paa landeskilet likevel, og paa austlandet laag soldaten ute enno. — Nei det vart ingen krig av, trudde Asbjørn. Svensken meinte alltid han var klokare en me; no vilde det syna seg. Ingen klok mann gav seg til aa berre sparka og spenna, um det hadde kome ein spikar i styvelen hans. Det vart ikkje betre med di, sa Asbjørn og smilte.

— Slaatten stod han for hovudet, og han sat ikkje lenge fyrr han var ute og fann fram ljaa og orv, henta vatn og gav seg til aa slipa. Sigvor stod langt inne i kjøken so han ikkje skulde sjaa henne, berre saag og saag paa han. Ho var so takksam, ho var so glad no, ho hadde han heime att! Det var nok snart tid aa gaa og mjølka. Ho vilde spyrja um han gjekk med. So ho kunde vita visst at ho hadde han heime att!

Jau, han vilde! Han laut berre eit snarsvirt ned paa myri og sjaa korleis det stod. Ho gjekk med han. Dei stogga i bakken og saag til aplarne han hadde planta her i vaar fyrr han for. Aa, jau; dei kom seg. So rusla dei ned paa myri. Det var nokre flekkjer ibland som saag heller gule og dauvlege ut, men paa jamnan stod det rett bra, baade paa aaker og eng. Her vilde visst bera, berre ein so sant kunde halda det i magt. I haust, so snart han fekk ei stund, laut han faa upp fleire veitor og pløgja upp eit par nyttuge teigar. Hm! Løda skulde ikkje lenge vera so reint for stor, hadde han tenkt!

Han var heilt burt paa hi sida myri og saag ut kvar han helst skulde grava; gløymde seg av til han saag Sigvor koma hit yver med mjølkekjeraldi ho hadde henta. Daa skunda han seg til henne, og hand i hand gjekk dei aat buskogen.

— Um morgonen tidleg var han paa myri og slo. Med retten skulde han slege tunet fyrst; so gjorde alle folk. Men han fekk seg ikkje til. Det *drog* ikkje til noko. Det kunde vera til ein regnvêrsdag eller naar han fekk inn

noko av dette beste. I dag laut han burt i noko som muna ein grand.

Puh! Det gav verme! Han strauk seg med skjorteermi yver skallen og brynte ljaaen. — Men det gav høy og! Det vart ikkje meir en so at ein med godom fekk breidt det. Og enno skulde det verta betre! Naar det no um nokre aar vart umsnutt andre venda og det vart retteleg upphevda, daa skulde dei faa koma og sjaa! Daa kunde det kan henda vera lønt aa faa seg maskin til aa slaa det med. Men det fekk me no tenkja paa naar so langt leid.

Med retten burde denne engi vore teki for fjortan dagar sidan. Timoteien var alt drjugt trena og stiv i halmen. Men lukka paa reisi: so saadde han seg att og døydde ikkje so braatt ut. Og kyrne aat han nok, helst naar han var so uppblanda med kløver som her.

Ritsj; ratsj! Ljaaen skar seg fram hogg for hogg i skaaren; trygt og jamt. No var snart Sigvor ventande heim med mjølki; so skipa ho sengi, og so kom ho med riva og breidde etter han. Men han vilde ropa til henne at ho skulde taka høy-grepi med, for

det var betre han hjelpte henne med dette; det vart ikkje noko lett arbeid aa breida her.

Tenk, dette var alt andre aaret ho breidde der han slo og dei var tvo eine her i kongeriket sitt. Tidi gjekk daa urimeleg fort likevel. Fyrr ein visste av det torde me ha ein liten pjaak i hælarne — med orv han og! Eller skal tru det vart gjenta denne gongen? Men kva daa? So torde det verta gut ein annan gong!

Der kom ho fraa skogen. Han vinka til henne, og ho attende med same. Ho gjekk ikkje so lett som fyrr — som ikkje ventande var heller; ho trødde varlegt og tok det tolugt. Men rædd var ho — stundom; det hadde ho sagt i natt, dei laag vakne so lenge og rødde. „Det gjekk nok godt skulde ho sjaa," hadde han sagt med henne. Det gjekk daa godt mest jamt. Ja, det trudde no ho og; men sjaa, her hadde ho gjenge aaleine, og kor snart kunde det ikkje hendt eitkvart? Men mor hans hadde vore snild og set fram rett som det var. Og stundom hadde ho sjølv teke eit spýt eller slikt noko med seg og gjenge heim til Høyland imillom. „Og so var det no lukka at det var sumaren!" hadde

ho sagt. Stakar. Det var ikkje so greidt. Han skyna godt *det.* Men no, gudskjelov var han heime att. No skulde det nok greida seg.

— I kveldingi med Asbjørn heldt paa og sætte kom det ein kar lunkande hit paa engi imot han med pipa millom tennerne og tumalfingrarne i ermeholi paa vesten. Kven kunde dette vera? Nokon bygdarmann var det daa visst ikkje, og lite saag det ut for at han gjekk i noko ærend heller.

„Godkvelden!" helsa framandkaren. „Er mannen so onnug?" sa han.

„God kveld!" svara Asbjørn. „Det er no vel berre smaatt med di," let han.

„Det er vel Asbjørn?" sa hin.

„Ja, dei plar kalla meg so. Men kven skal eg so ta deg for aa vera?"

„Me skal nok vera grannar paa ein maate. Det er eg som fekk Olina Gjermundsdotter," sa han.

„Nei jaso? — Du fær vera velkomen til vaare bygder daa!" sa Asbjørn og gav hin handi, men tok henne heller braatt attende og saag betre paa hin. „Kona skreiv noko um dette, at det skulde koma ny mann i

Gjermundstunet," sa han. „Er du — nordanifraa, trur eg?" spurde han.

Jau han var det, „ifraa Bergenstrakten," sa hin.

„Og so kunde du finna paa og forvilla deg herned?"

„Jha!" lo hin med ein fanteblunk i auga. „Det bar no so til —" sa han.

„Skreiv ikkje kona, at du var agent, eller eitkvart slikt?" grov Asbjørn.

Jau, han hadde „reist som agent i præmieobligasjoner og tildels symaskiner eit bil," sanna hin. Elles hadde han sete paa lensmannskantor ei stund og vore landhandlar i nokre aar. „Det stend fint her hjaa deg!" kytte han.

„Ja, ikkje verst, til aa vera so nytt."

„Rettugt fint og!" sa hin. Men bønderne her hadde ikkje vit til aa driva jordbruket so det var gagn i det. Ein fekk fylgja med tidi skulde det verta noko av.

Asbjørn raka; hin grov or pipa si og karva seg ei ny.

„De slær vel i dykkar gard og?" spurde Asbjørn. „De er gjerne alt komne langt?"

„Ja, me sagte slær, men eg hev fenge so

vondt for brjostet at eg laut slutta," sa hin. „Eg skulde inn med ei høybyrd, og støytte meg imot laavedøri; eg trur mest eg maa ha brote eit sidebein." Asbjørn tykte han saag att den rare fanteglyren i augo. „Dei slær, Olina og den gamle, men det munar so lite. Eg fær vel av og høyra um eg fær leiga ein mann, dersom eg ikkje snart vert god att."

Det var so det, sa Asbjørn. Han kasta eit auga paa den andre daa og daa med han raka. Kva slag lakabrand kunde dette vera, som dei hadde fenge til granne? Præmie-obligasjonsagent; beinlause nevar som aldri hadde teke *i*, og so denne fanteglyren i augo. Han lika ikkje heile karen, gav hardare paa med sætingi og spurde ikkje um meir. Hin stod ei stund, men ynskte so god natt og seig heimyver att: pipa i munnviki, henderne i ermeholi. Aa jau; det var nok likt til Olina og Gjermund hadde fenge arbeidskar i tunet!

„Kva slag farre er det me hev fenge til granne?" spurde han Sigvor med han aat kveldsmaten.

„Lat ikkje Olina høyra du kallar hennar mann farre!" lo ho. „Agenten, maa du segja!

Det er so hævt med ho og han at eg trur aldri det hev vore helvti so hævt imillom *oss*. Nei, me veit ingen ting um han, anna en at han kom daskande her i vaar, og so gav han seg til der. No vil han byggja nye hus og dyrka upp heile garden so han kan pløgja vollen kvar han vil og slaa med maskin, segjer Olina. Ho trur det er reint ein storkar ho hev fenge."

„Og kva segjer Gjermund?"

„Gjermund hev teke uppsetnad og kosta tinglese brev paa sitt, so *han* tykkjer nok han kan vera sutelaus no."

„Skal han eiga noko?"

„Agenten? Kven veit det? Olina trur visst han hev ein stor midel einkvar staden, men helst meiner no folk at han er raka fanten."

„Stakars Olina! Dette var synd til henne!" sa Asbjørn. „Kva var det no han heitte, skal eg segja?"

„Ja det same spurde eg Olina, ein gong eg trefte henne," lo Sigvor. „Og veit du kva ho svara meg? „O. Egelandsdahl." Du skulde berre set kor rund ho gjorde munnen sin daa ho sa „O". Naar ho ropar han heim til maals

so er det aldri Oliver som han visst heiter, nei: „Egelandsdahl! kom og spis!“

„Jaala!“ lo Asbjørn. „Kvar i verdi hev ho lært seg til aa tala so „dana“. Aa, lat meg sjaa: ho var visst ein maanads tid i byen paa syskule her ein vinter.“

— Midt i august kom barnet, ei liti gjenta. „Du vilde visst heller det skulde vore gut?“ sa Sigvor. „Haa!“ kytte Asbjørn. „Eg treng likso vel um kvinnfolkhjelp no i skurden og jordepletakingi og bakstren!“ „Ja menn!“ lo mor hans, ho sat so byrg med den vesla paa fanget og vaska henne.

Han var so fegen det var vel yverstade. Dei hadde vore paa so mange tankar no det siste. Ho hadde tala um aa flytja heim att til foreldri sine og liggja der; for der budde dei mest hus i hus med nærkona. Dei nemnde det for mor hans, ein dag ho saag ut til dei. Men ho talde ifraa. „Asbjørn spring heim til meg, so skal eg koma med same; so greider me det nok til nærkona kjem! Paa Høyland kan dei stella seg sjølve for nokre dagar; dei kan baade mjølka og koka baae tvo, so eg skal gjerne vera her heile tidi til du kjem upp att,“ sa ho med Sigvor. „Og eg tenkjer

du trivst best med aa liggja heime i di eigi stova!" sa ho.

Sidan ein gong han spurde Sigvor korleis ho vilde, og sa ho maatte raada seg for han som ho sjølv tykte, daa hadde ho slege reisi til foreldri reint ifraa seg. „Eg fæler ikkje so hardt no lenger," sa ho. „Det gjeng nok godt!"

Og godt hadde det gjenge. Daa nærkona kom, — Torleiv hadde henta henne, — var gjenta longe baade vaska og reiva.

Dei var ferduge med slaatten, og Asbjørn hadde gledt seg til aa faa seg ei stund so han kunde grava ned springvatsrøyri til fjøs og kjøken. Men mori tykte han skulde heller hogga ned noko godt lauv no med ho var der, so kunde ho kjerva det, og han skulde sjaa det vilde koma godt med til vinteren. Det hadde ho visst storleg rett i, mori, og han gjorde som ho talde han til. Men kva tid han no fekk ned springvatnet, det visste ikkje han. Alltid vilde det eitkvart koma i vegen. I gaar var det ei bytta han skulde banda. Hadde han havt bandjarn heime so kunde det vore gjort paa 10—15 minuttar; no hefta det han burt nære paa tvo timar. Fyrst

laut han aat skogen etter bandstake; so var det aa kløyva han, og so til aa smida upp bandet. Det fyrste sprang av daa han dreiv det paa, og det andre hadde vel fare same vegen hadde han ikkje vore so hjarteleg varsam med det. Jaja; soleis var det naar ein skulde til med slikt som ein aldri hadde gjort fyrr. Det vil tame til alt.

Med retten skulde husi vore klædde no i sumar. Der hadde han ei utgift til i vente. Og no var pengarne farne aa segja. Ei ku til laut han faa seg i haust; det *vart* hosta kaldt i fjøset dei verste frostnæterne; dei fekk rett i det fâren og timbremannen. Men kaupte han ku, so laut han vel kaupa noko kraftfôr òg. Og alt drog den galne vegen i pengepungen! Nei; det var ikkje *burtkasta* pengar. Kui var aa segja kontant eigedom, og av mjøl-fôret fekk ein att mjølk og smør som ein kunde venda i pengar, og hevd som ein so vel trong um til nybrotet, og som ein elles laut kjøpa. So det var ikkje *soleis* meint. Men likevel: jamt og samt vilde det kontante skillingar til. Berre som no til nærkona. For skam skuld laut ein bjoda henne 5—6 krunor, endaa ho ingen ting gjorde. Ho skulde liva,

ho med. Og no skulde skatten ut. Fire og tjuge krunor! — endaa kvar mann visste at han berre hadde havt utloga paa garden sin til dessa! Slikt kunde gjerne folk koma i hug.

Den som kunde funne paa eitkvart som kunde gjera seg i pengar — no til vinteren! Hadde han *no* havt skogen hans Gjermund, so kunde ein drive fram nokre tylfter med stavtimber, um ikkje anna. Det hadde straks vorte ein skilling av. Det var vel nok aa sitja inne god og varm og sjaa paa kjerring og dotter, — og han gledde seg nok til det òg! — men i lengdi kunde det verta turrsamt nok. So lenge myri var til aa arbeida i trong han ikkje vera gjerandslaus soleis, og sidan kunde han taka treskingi og eitkvart innanhyses putl. Men det gav for lite i pungen til alt som ut vilde enno lenge frametter.

Naar ein fekk garden uppdriven, daa vart det vel ei raad. Daa kunde ein venda smør og ost ikkje so lite, og kan henda ein gris og eit naut til aaret.

Men det var langt fram aa sjaa til dess! Asbjørn møddest ikkje lite med sovorne

tankar no, han gjekk so mykje aaleine. Det var det gode at dei kvarv att so snart han kom inn til Sigvor og vesla. Daa var han ein stor smil heile mannen.

— Mang eid røda hadde dei fyrr dei fann godt nok namn til gjenta. Mor hans skulde mest vore uppkalla paa ei vis. Ho heitte Maria. Men namnet laut vera norskt. Han tykte Magna vilde høva bra. „Eg tykkjer ho er so ferm til aa faa seg mat," sa han. „Ho tenkjer seg visst sjølv til aa vilja verta groveleg sterk. Og namnet er hendugt og lett, so ein kan bruka det baade vinter og sumar! — Korleis trur du Olina vil gjera jolebilet naar dagarne stuttnar, Sigvor? Trur du ho kan rekka aa segja Egelandsdahl daa òg?"

XI

„Agenten" kom ein haustkveld og sette seg til. Dei rødde um eitt og anna, men røda gjekk dauvleg, og Asbjørn ynskte berre at han snart vilde gaa att. Han sat og pinte seg til aa finna paa eitkvart aa segja, og hin tyktest ha det same leis. Men endaa sat han. Tru han vil laana i banken og er rundt og

skal faa folk til aa gaa god for seg? tenkte Asbjørn. Han gjorde upp med seg sjølv at ikkje skreiv han paa noko laanebrev, utan so det var eitkvart reint uvislegt han søkte um, ei 20—40 krunor eller so. Daa fekk han heller lova aa tenkja paa det.

Paa resten laut daa ærendi fram likevel. „Eg var tenkt aa høyra med deg um det var so vel eg fekk sjaa det skøytebrevet Gjermund gav deg paa sin teig her i Øygarden."

Kva vil han sjaa det for! tenkte Asbjørn. „Jau, det kan du daa vist!" sa han og gjekk ut i hi stova. „Du lyt visst koma med lampa, Sigvor!" sa han.

„Det var leidt eg skulde gjera dykk bry!" sa Oliver inn gjenom døri.

„Aa, det er ikkje noko aa tala um," trøysta Asbjørn, han kom med brevet.

Egelandsdahl sette seg burt til bordet og las. No fyrst gaadde Asbjørn at han hadde ein liten „maane" i kruna. Kva slag spjon *var* dette, naar alt maatte vitast?

„Det var som eg meinte," sa spjonet og saag til leds.

„Kva meinte du?" spurde Asbjørn. No vart han forviten.

„At han ikkje hadde selt stemmeretten i tjørni!“ sa Oliver og skifte liter.

„Kva slag stemmerett?“ spurde Asbjørn og augnefeste hin.

„Ja—a,“ drog Oliver, „var det ikkje so at Gjermund ein gong hadde sag her ned i dalen og brukte aa stemma Øygardstjørni?“

„Det kan gjerne vera for det eg veit. Men det var fyre mi tid.“

„Men det syner daa enno merke etter stemmen som hev vore og kvar sagi hev stade!“

„Ja, kva daa?“

„Jau — du skynar daa det, at dette er ei gamall herlegheit som høyrer bruket til og som ikkje du hadde lov til aa forskusla!“

„Er det Gjermund som finn paa dette no?“

„Same kven det er, veit eg!“

„Det er *dette* du hev verkt med heile denne lange kvelden og ikkje kunde faa sagt? Eg skyna nok det var einkvar dævelsdomen du hadde under hetta! Ja, — kva vil du no, daa?“ Asbjørn morska seg.

„Nei me skal ikkje falla ut um dette. Du kan faa løysa retten for eit rimelegt vederlag!“

„So du vilde eg skulde betala tvo gonger for teigen eg kaupte?“

„Ja du kan vita du *det* maa, vil du eiga stemmeretten.“

„Og naar eg ikkje *vil* dette?“

„Daa fær du kosta upp att stemmen som han var! Det vert ingi onnor raad!“

„Men der *var* ingen stem. Det berre *hadde* vore!“

„Det same det, kan du vita!“

„Korleis kan eg vita, at det er det same? Og kvi hev ikkje Gjermund kome med paatale fyrr, var det so han tykte eg gjorde meir av det en eg hadde lov til?“ Asbjørn var harm og heit og kvassmælt.

„Jau, du ser: naar han var slik ein godsau, so —“ stota hin.

„Jaja det er ikkje meir aa drøsa um dette!“ braut Asbjørn av. „Det er tid aa leggja seg. God natt!“ Og han opna døri.

„God natt!“ Egelandsdahl reiste seg og skulde gaa. „Du kunde no tenkja paa det!“ sa han. „Eg skulde vera rimeleg —“

„God natt!“ sa eg,“ kveste Asbjørn.

„Tvo hundrad krunor!“ Hin var alt ute paa tunet.

Asbjørn drog døri i med ein skrell og aldri svara.

Han vart standande og berre saag paa kona ei lang stund. „Hev du set meg eit trynetroll fyrr!“ sa han og laante ein liten laatt.

„Trur du han kan gjera deg noko for det?“ spurde ho.

Han berre bles: „Aa, nei! eg tenkjer han skal verta blaa for *det!* Han vilde vel berre røyna ut kor støkkjen eg var. Men so fekk me daa sjaa kva som budde *i* karen!“

Dei aat kveldsmaten, og ho sette seg til aa reiva barnet til natti. Asbjørn sveiv ut so lenge. Han kjende seg heit og uppøst, so han tykte han laut svala seg fyrr han la seg.

Det var lenge fyrr han fekk sova. Han var harm og leid. At folk kunde vera slike! Oliver visste so godt som nokon at ingen hadde rekna paa nokon stemmerett den tid kaupet var gjort. Og kva stod det ikkje i boki: „fordi om der kunde synes nogen rett at være paa hans side“. Og so 200 krunor! Og daa skulde han endaa vera „rimeleg“, grisen! Men han fekk søkja retten sin daa,

i Guds namn. Godviljug fekk han aldri ein raud øyre, det maatte han lita paa!

Han „hadde seg ikkje“ til noko arbeid dagen etter, og rusla likso godt heim i tunet til folket sitt. Det vilde letta, tykte han, aa fortelja kva kar han hadde havt hjaa seg i gaarkveld, og kva ærend han hadde gjenge i.

Der lo dei berre, daa dei høyrde det. Jau, dette var likt han! No hadde han øydt sauerne sine i haust berre so dei andre ikkje skulde faa lata sine gaa lause som dei alle dagar hadde gjort dette aarsens bil. „Men lat no spila'n seg ei stund!“ sa fâren. „Han spaknar vel paa, spaar eg! — Men gaa burt til Gjermund og spør um han hev meint at han hadde att nokon stemmerett i Øygarden, og kvi han ikkje hev sagt ifraa sjølv um so var.“

Det same hadde Asbjørn smaatt tenkt paa sjølv.

Gjermund stod attmed hoggestabben, og Asbjørn var glad han fann han aaleine. Men fyrr han vel hadde helst goddag kom værsonen ut. Jaja, tenkte Asbjørn; likso godt *det!* So spurde han Gjermund um det ikkje var so at han hadde kaupt Øygardsparten hans

med lut og lunnende og alt det som var, daa han tok imot det.

„Det segjer brevet, kva du kaupte, kan du vita!“ var Oliver snar til aa svara fyrr hin fekk sagt noko.

„Det var Gjermund eg tala til,“ kveste Asbjørn. „Kvifor svarar du ikkje, Gjermund?“

Kan henda han hadde være hosta høgmælt, det torde vel vera det. No visste han ikkje ordet av fyrr Gjermund fekk yver seg ei av desse braa sinneflagorne som Asbjørn hugsa fraa han var liten:

„Kva er det du kjem her og gjev kjeft for? Eg hev ikkje noko usnakka med deg! Kjem du deg ikkje herifraa skal eg leggja ein bandstake av yver ryggen paa deg, snottepaven!“

Men Asbjørn stod; han var ingen unge lenger som let seg skræma av ord. Han tykte helst berre synd i den gamle grannen som ikkje visste betre aa tøyma seg. „Du kunde daa svara meg fyrst paa det eg spurde,“ sa han.

„Du hev fenge svar!“ hekste Gjermund. „Les i brevet ditt! — Eg baud deg heile garden min; kvi kaupte du ikkje med tidi

var god? *No* kjem det og vil bruka seg, høh!"

„Det stend i lovi, — du kan lesa det sjølv," tok Oliver ordet: „spilder mand andens mølledam og det lovligen bevises, da betale hand skaden og bøde tredsinstyve lod sølv."

„Ikkje hev eg spillt *din* mylledam, og ikkje hev eg spillt Gjermund sin, — so veit eg ikkje kva dette hev med meg aa gjera," beit Asbjørn.

„Mylledam og sagdam, det vert eitt det, kan du vita!" sa Oliver.

„Jaja, farr! driv det no so langt du kan, so fær me høyra kva retten segjer um det," meinte Asbjørn; han gjekk og aldri helste.

Faren sa til han, daa han kom att, at han skulde aldri bry seg. „Lat no dusta dei! Lat prøva dei seg, kor langt dei kjem. Det var *eg* som gav Gjermund lov til aa stemma so lenge; det var i den gamle sildetidi, og han hadde ein skoglokk under Fleinaasen som han vilde skjera upp til stav. Sidan flutte han sagi, og slòki rotna ned. Det er heile „retten" hans! Ungemannen er vel i beit for pengar, og so vil han sjaa kor skvetten du er. Eller og hev han for mange, so han ikkje

veit kvar han skal gjera av dei!" Anders flein og beit seg ei skraa.

Asbjørn tok paa heimvegen. Han var rolegare og betre i lag en daa han gjekk. Men han kjende seg uhuga til aa taka fat paa noko arbeid. Det var visst snart middag og. Elles hadde han stræva so trutt i sumar at han vilde kje gjera seg noko samvit av det, um han no tok seg ein slarkedag.

— Han gløymde heile uhemja med same han kom inn. Sigvor sat so straalande sæl og lo til barnet som laag mett og usveipt og sparka paa fanget hennar. „Eg kan alt snakka med henne, Asbjørn!" sa ho. „Høyr: „grrrr!" segjer ho. Og sjaa kor ho kan læ! Og so kan ho krjupa!" — Ho la henne paa magen og ungen gjorde tak som naar ein vil symja og skaut seg fram til ho nær kunde stope i golvet. So det same um att ein gong til. Sigvor saag upp paa Asbjørn med blanke augo. „Er ho ikkje spræk, vel?"

„Ja men du hjelper henne!" erta han.

„Nei, mest ingen verdsens ting! Du saag sjølv kor ho spente i!" Ho vilde ikkje gjeva seg, for rett skulde vera rett. „Og sjaa kor rund og tjukk ho vert!"

„Ja det er ein framifraa unge," sanna han. „*Eg* hev aldri havt makan, det veit eg, og visst ikkje du heller!"

Sigvor kleip han i øyra og lo. Det var ingi utkoma med Asbjørn naar han var i *det* laget.

Ho sveipte barnet. Han saag paa klokka. Berre 11. Skulde han setja seg inne denne timen med ho koka maten? Med ein gong flaug det *i* han: *springvatnet* som han hadde lova inne i haust, det hadde han enno ikkje fenge gjort noko med! Han reiste seg og strauk paa døri, og fyrr kona ropa, hadde han flengt grastorvi av mange famnar burtetter. Han hadde fenge att det rette arbeidslaget sitt. Oliver og vaset hans vilde han aldri tenkja paa. Han var fegen og glad han ein gong hadde fenge teke paa med denne gravingi som han visste laut gjerast. Det skulde ikkje staa so lenge paa heller. Her var ikkje so ille hardt aa grava, det visste han daa fraa han grov kjellaren, og lukka paa reisi um ein trefte ein stein, so var det raad aa krøkja ein grand. Det *kunde* verta noko gale med maali, skulde han lota krøkja mykje, men det let seg skipa uppe med inntaksbrunnen.

Han lika seg gjorde han. Oliver? Høh! No stakk det aldri um han kom dette vaset i hug. No hadde han alt vunne yver det. Haa, nei; *so* mykje vyrde han ikkje den — agenten! — at han trong taka seg nokon slarkedag for hans skuld!

Og han gjorde upp med seg sjølv at um Sigvor spurde meir etter dette fraa i gaarkveld, eller kvar han hadde vore ifraa morgonen, so vilde han berre gjera gjøn med det alt i hop. Det var daa heller ikkje anna verdt. Han skulde gjerne vaaga paa at Oliver kom aldri til aa nemna det meir. Mannen var daa vel vitug!

— Han hadde vona so smaatt at han skulde faa vatnet til aa renna i røyrerne laurdags kvelden, men han vart berre med naudi ferdug med gravingi til dess, endaa han torde segja han hadde maura paa som ein kar. So lang ein dag som den sundagen tykte han ikkje han kunde minnast paa aldri so lenge, slik stunda han etter aa faa skruva røyrerne i hop. Og endaa laut han gjerne heim til Høyland i smidja fyrst og laga seg ei skarve røyrtong. Det var ikkje sagt ho tok dei, den han hadde. So kunde han gjerne faa fâren

hit med det same til aa hjelpa seg, kom han i hug. Det torde vera vrangt nok aa greida seg aaleine. Brunnen der inntaket skulde vera hadde han fenge greid; og vaat-sig hadde det vore der uppunder berget allstødt so han kom visst aldri til aa trjota vatn. Hadde berre denne dagen fenge ende so ein fekk gjort seg ferdug! Det var med naudi han torde lata nokon sjaa kor han gledde seg til aa kunna skruva paa krana.

So skulde Sigvor sleppa vatsberingi, um det trefte so til det var ein kveld han ikkje var heime. Og sjølv slapp han snømòkingi til vinteren, den lange brauti ned til bekken. Det hadde trega honom mang ein gong i vinter var, at han ikkje fekk røyrerne ned fyre frosten, men han hadde havt henderne so vel fulle med anna, det hadde ingi tid vorte.

„Skal du alt klæ' paa deg? Du ser ikkje aa arbeida enno?" Det var Sigvor som spurde um maandagen.

„Det ljosnar snart. Eg hev lege vaken ei stund og lurt paa um eg greider meg aaleine naar eg skal skruva røyrerne i hop. Kan henda eg maa til Høyland og laga meg ei tong fyrr eg kjem i gang. Eg lyt visst faa

meg ei smidja sjølv, so eg slepp renna der heim for kvar den ting. Det kunde vore godt rom i fremre kjellaren. Men du veit: det gjer ein grand larm i huset."

„Pøh! For *den* skuld —!"

„Eg tregar berre eg ikkje var nede og slo til meg ein av dei smidjebelgarne som vart selde etter linebyggjingi. Men det er ikkje vandare arbeid: eg kan laga meg ein belg sjølv."

„Det skulde du. So var du sjølvhjelpen um det var noko!"

Dei hadde teke til aa koka morgonkaffien inne. Han hadde vatn paa kjêlen og fekk det til aa brenna i omnen; so var han nede i kjellaren og drog ut alle røyrerne. La dei den eine i enden paa hi langs etter veiti der dei høyrde til aa vera. So prøvde han aa skruva dei tvo fyrste i hop, endaa han korkje hadde stry eller maaling i skruvgangen. Det gjekk traatt. Aa nei, det vilde nok tvo mann til og ei betre tong, skulde det hava ein grand avl og magt. Han kunde likso godt gjera eit renn til Høyland so snart han hadde fenge morgonmaten i seg, faa gjort den tongi, og faa Torleiv eller han far med hit so lenge.

For no skulde røyrerne ned antan dei lo eller grét!

Hm. Sigvor gaadde visst aldri til kor braa han var, — at i dag var han meir smaagutvoren en han for vel vilde vera ved. Men det var sant: det kitla rett i han naar han kom i hug, at no skulde han snart faa sjaa vatnet renna sjølv i vatsbytta i kjøken.

Han stod i smidja og hadde det annvint med røyrtongi, daa han laut sjaa upp av di det myrkna i døri. Han fekk nuvor yver augo, men dreiv paa med sitt som inkje var. Det var Oliver som stod og studde seg til karmen, og tomarne hadde han i ermeholi paa vesten. No kremta han: „Du er so onnug?“

„Aa ja,“ mulla Asbjørn. Han la jarnet i elden att og drog i belgstongi. No var det aa faa hòl og so bolt i, so hadde me hjelpeleg tong paa timen.

„Det var noko eg vilde deg,“ sa Oliver.

Asbjørn svara ikkje.

„Eg vilde ikkje du skulde segja eg hadde vore urimeleg, so eg skal selja deg den retten eg tala um for *eitt* hundrad krunor.“ Det kom so taugt og truge som det kunde vera

ein bror han tala til. Ein kunde høyra han tykte sjølv han var beinsam no, han som sa det; men paa Asbjørn det var uraad aa lesa um han hadde høyrt eller ikkje høyrt noko. Han berre dreiv paa med sitt som inkje var.

„Kva segjer du til *det?*" spurde Oliver.

„Eg tegjer so hardt eg kan, eg!"

„Det er for di eigi skuld eg segjer det," sa Oliver. „Du kan vita —"

Men Asbjørn tolde kje meir denne gongen. Han treiv det store gloande tongemnet ut or elden med ein rykk og gjorde eit par stig fram som han vilde renna *i* hin. Oliver skvatt ifraa, men snaava i eit plog-vrak og fekk ei stor flerra i broki. Asbjørn stod og breidflirde etter han, men haatta seg straks og gjorde hol i jarnet. Han gaadde til at han skalv paa handi ikkje so lite daa han skulde meda doren paa plass.

So, agenten vilde vera rimeleg no? Men det var synd han ikkje skulde faa det han hadde rett paa! So slapp han daa sidan aa segja at det var han som hadde gjort Abraham rik. Asbjørn bles der han stod og skulde setja bolt i tongi.

Men so hadde han fenge set kor han

trimla rundt her utfor smidjedøri i dag, kom han i hug. Det var verdt fem øyre berre det.

„Hadde eg —“

Kva dekelen! var han her enno? Asbjørn saag upp.

„Hadde eg havt vitne paa deg no far, so skulde dette kome deg dyrt aa staa! Men sansa no paa at her er lov og rett yver slike som deg med, so stormodug kar du vil vera.“ Og *no* gjekk Oliver. Men no var han sinna òg, høyrde Asbjørn.

Det var mest som han halvt trega seg, eller skjemdest. Det nogg liksom i bringa hans; han vilde ikkje segja han lika seg. Endaa: var det ikkje nett slik sovorne krosstroll skulde ha det? No hadde han vel tala med folk og fenge greida paa at „retten“ hans var ikkje tvo danske skilling verd, *so* kom han og gjorde seg „rimeleg“ og beinsam og slo av, vilde sjaa um ikkje *daa* Asbjørn kunde vera tosken og triva til. Haah! nei, Oliver! det gjeng ikkje so fyre seg! Endaa, kven veit um ein ikkje hadde sloppe med minst bry og leidelse um ein hadde stukke til han ei sneis krunor? Tingreiser og sakførar og slikt, det kosta visst skammeleg

mykje, det med. Men Oliver vaaga aldri aa klatta med sak paa den filleretten! Og gjorde han det so vart det verst for han sjølv. Det vart han som til sist fekk heile supa. Og det kunde han ha berre godt av. So lærde han til ein annan gong!

Asbjørn gav tongi nokre strok med fili, so fekk ho greida seg trudde han. Han lika seg betre no han hadde tenkt yver dette med Oliver. Han hadde berre gjort som han burde gjera. Ein fekk ikkje lata fanten truga seg til nokon rett, der han ingen hadde. Han skulde faa renna lina ut naar han plent vilde. Han spakna nok, naar det leid paa.

Jau, han hadde gjort rett; det fekk staa fast. Men likevel so *var* det ikkje den gleda yver arbeidet hans den dagen som han hadde venta seg. Det var noko som tyngde. Noko som han ikkje hadde hug til aa tala um for folk heller; slett ikkje for Sigvor. So vart berre ho òg leid seg, og det kunde ho tidsnok verta um ikkje *han* sette det paa henne.

Huh! — det var daa sant som dei gamle sa, at vondt folk er verre en fenden! Kvi kunde han ikkje faa lov aa gaa her i fred naar han aldri tenkte paa aa trøda nokon for nære?

— Det gav seg ut paa dagen, men han hadde ei kjensla av at det vilde koma att og att, Vaarherre visste kor lenge.

Den siste røyri med silen i øvre enden vart paaskruva; men fyrr ein kunde leggja ho ned i brunnen laut det stemmast i veiti, so ikkje brunnvatnet fekk renna ut. Dette var snart gjort. So var det aa taka upp torvorne i sida paa brunnveggen og dytta dei godt til att naar røyri var nedlagd. Det bubla i silen. Ja; so kunde dei gaa i kjøken og sjaa kor det rann!

Dei drog inn ein vaskestamp og sette under. So opna dei krana og venta.

Det berre sukka og gulpa. Kvar vart vatnet av? Kunde det taka slik æveleg tid for røyrlengdi aa renna seg full? Tru det var sameleis i fjøset? Der var no fallhøgdi større.

Nei, der kom vatnet berre dei venta aldri so lite. Kva kunde det daa vera i vegen i kjøken? Dei skruva att og gjekk upp atter.

Haah! Det vanta ingen ting! Det rann so rolegt som det aldri hadde tenkt paa anna. „No skynar eg det!“ sa Asbjørn. Det er lufti fraa fjøsrøyri som hev bubla upp og stemt!“

„Det skal du sjaa!“ meinte Torleiv. So ropa dei paa Sigvor. „Kom ut og sjaa!“ Og Asbjørn lo, slik letta det; han kjende seg kry som ein liten keisar, der han stod.

„No trur eg de hev fortent ein kaffidrope!“ sa Sigvor. Ho var burte og skruva paa krana.

„Trur du?“ lo Asbjørn.

„Berre ho ikkje kokar han for tunn no, ho fær so lett til vatn!“ gjøna Torleiv.

Men Sigvor meinte ho skulde koka han sterk nok dei gongerne *han* var der!

Ho vilde dei skulde gaa inn og setja seg med same, men Torleiv trudde ikkje det. Dei laut sjaa til aa faa grava paa veitorne nærast huset so det vart gangande att for folk, meinte han, og det laut mest Asbjørn gjeva han rett i. „Men me skal koma naar du ropar!“ sa Torleiv; — „og kjenna kor godt du unner oss!“

— Fyrr dei kvelda hadde dei grave paa heile veita, og endaa tekt yver brunnen med eit par gilde steinhellor Asbjørn visste um. Men daa lika han seg og, Øygardsmannnen! „Eg vilde kje havt dette ugjort for eit ort og seks skilling,“ kytte han.

Og naar han no røynde seg kjende han ingen ting um han tenkte paa Oliver. Traven! lo han med seg sjølv. Han burde læra seg til aa arbeida og ikkje berre gaa med tumartottarne i vest-ermeholi, so slapp han aa turva pønska ut so mykje fanteskap til aa faa seg pengar!

Torleiv hadde visst aa fortelja i dag at Oliver hadde selt den fine ungskogen i Myrkeli for 800 krunor til kompaniet, til uthogster. Det var syndedraap, var det, aa taka den skogen no, og det var ikkje fritt anna dei trega baade Torleiv og Asbjørn at dei ikkje hadde slege til seg heile Gjermundsgarden, i fjor daa han var fal. Kven kunde drøymt um at berre den skogteigen kunde gjera seg upp i so mange pengar! — Og so kunde ein sloppe aa sjaa paa den larken som drog seg gjerandslaus og berre spann upp meinkrokar! Men no var det for seint, og no fekk dei taka verdi som ho kom; det var ingi onnor raad. Kva sa kje salmeskalden:

> Det onde med det gode maa
> annammes alle dage.

Og eileis greidde ein seg alltid likevel!

XII

„Du? Asbjørn!“

Det er same kvelden, etter dei er lagde.

„Kva er det?“

„Me maa faa barnet til kyrkje fyrr det lid for langt paa vinteren!“

„Tenk, eg laag nett og tenkte paa det same! Det er visst preika no fyrste sundagen; skal me sjaa aa faa det til til daa? — so var det gjort?“

„Ja eg trur det vert best. Men namnet? Kan me kalla henne Magna?“

„Nei eg hev kome paa noko anna. Ho skal heita Inga.“

„Kven er *det* etter?“

„Etter *deg!* Veit du ikkje du var Inga i „Ervingen“ fyrste gongen me var kjærastfolk?“

„Namnet er godt nok, men —“

„Det kan vera etter Mor dette og. Mor heiter *Inger* Maria!“

„Ja *daa* kan ho godt heita Inga. Eg vilde so gjerne me skulde kalla upp Mor di. Ho hev vore so snild med oss.“

Han kom i hug kor gildt det skulde verta aa syna verfaren og vermori at dei hadde

fenge springvatn inn. Men no fekk han nok ikkje mykje fred til aa taka veitor denne vika, som han hadde drøymt. No laut han til sjø-bygdi ein av dagarne; beda til barnsøls og kaupa inn til gjestebodet. So laut han faa sund noko ved som skulde vore under tak for lenge sidan, og det var visst mangt slag vissvas som laag og venta naar det maatte vitast. So hefte ein seg burt, so kom ein ingen veg med det ein helst burde fenge undan no, med vêret heldt seg og jordi var til aa grava i.

Og pengarne var ende. Men enno var det so mangt som vilde skillingar til, naar ein kunde raadt seg. Huset laut faa bordklædnad til sumaren, og maaling. Det kom ikkje paa lite berre dette. Skulde han søkja um eit av desse billege jorddyrkingslaani likevel? Han hadde no mest lova seg sjølv, at laana det vilde han ikkje; fyrr vilde han —!

Heh! Hadde han no ikkje lagt seg ut med Oliver so kunde han teke arbeid i skogen hans i vinter. Det kunde just vore gildt arbeid aa triva til naar frosten kom. Men *no* kunde du ikkje for vel bjoda deg til.

Vegen, som aldri kom lenger en til berre

snakk! Ein kunde havt vinterarbeid lenge i fjellet under Skardbrotet. Han laut rett sjaa til aa faa tala med einkvan av dei som sat i i heradsstyret, naar han kom til kyrkje um sundagen, segja at dei fekk gjera noko med dette no. Alle kunde faa veg, men *dei* maatte venta og venta.

Aa jau; han laut nok laana. Kom vegen so laut han sjølv leggja til eit par hundrad — *minst.* Jaja! ein kunde taka vegarbeid for pengarne so ein fekk dei att! Det var sant.

„Asbjørn!"

„Ja—?"

„Du maa kje gløyma aa faa tak i ei gjenta til aa baka flatbraud; du veit me hev tala um det fyrr."

„*Det* var sant, ja! Eg visste det var eitkvart tidheftet eg hadde gløymt! Jau, du veit me lyt faa baka. Eg skal høyra um Tina Lid kan koma. No fær eg ei reis til sjøbygdi kor som er. Ja, bakstren ja!"

Ok, ja. Nei, det var ikkje *ein* ting berre!

Som vel var daa, at far og mor paa Høyland hadde hjelpt han med turking og maling. Det kom vel med, ei hand soleis.

Høh! Dei gjekk og sa, — og skreiv det

i bladi sine, at bønderne var so late; dei fekk ingen ting gjort; dei gjekk berre soleis og dabba og daffa i tunet. Kva visste dei um alt som kom og hefte ein bonde burt? Det var sant at det synte lite att etter dei av storverk. Men kor lenge kunde dei faa staa i fred med slike verk um dei aldri so gjerne vilde? Det var ikkje for bonden til aa halda paa med sitt same jamne; han kunde ikkje telefonera etter ein vedfamn eller ein arbeidsmann kvar gong han trong ein. Han fekk sjaa aa gjera det sjølv, baade det eine og det andre. Ja, so menn!

No sov Sigvor — med veslebarnet i armen; mori med lange og rolege andartak, vesla med stutte og hastige. Lungorne var so smaa — liksom føterne det fyrste dei lærde aa gaa; dei laut ta tvo stig for kvart eitt dei vaksne tok, skulde dei halda fylgje. Gud signe baade henne og mori! No stræva ho berre med aa veksa; ho hadde inkje nyttelegare aa taka seg til: eta og melta maten og nøra blodet so ho kunde koma til aa gjera gagn snarast raad var. Ho var framtenkt; ho hadde det *rett* fyre!

Men no laut han rett ta til vitet og sjaa til aa faa sova sjølv og!

XIII

Lensmannen kom ruslande ein dag. Asbjørn stod med hoggestabben; han helsa og spurde kor langt mannen hadde tenkt seg.

„Eg skal ikkje lenger for det fyrste!“ sa lensmannen, han smilte so lurt.

„No skal me høyra!“ tok Asbjørn i. „Du er vel aldri ute i ærend for agenten vaar?“

„Det er nok ikkje fritt!“ lo lensmannen. „Eg skulde segja deg til aa møta for forliksraadet den 4de december. — Er det vatnet me ser, som du hev grave ut?“

„Ja.“

„Ja no fær du strenge kaar! No skal du tetta det til att so høgt som det fyrr gjekk, og setja stemmen i stand! Elles kjem du paa ei merr aa flaa!“ Lensmannen flirde.

„Men det var ingen stem daa eg grov ut vatnet.“

„*Det* var verre!“

„So torde ikkje agenten koma sjølv og segja til?“

„Nei; det var ikkje likt til dess. Eg sa, han kunde spara ei dagløn med aa segja deg til sjølv, men han let um at du var so speleg

aa ha med aa gjera. Du for etter folk med gloande staalstenger!" Lensmannen flein, og Asbjørn med ei stund. So segjer han:

„Eg trur beint du fær vera med ned og sjaa paa denne greida, so lagar kona til ein grand mat det bilet —?"

Jau; lensmannen vilde gjerne det. „So fær eg sjaa yver garden din so snaraste med same. Det gjeng ord um han heile bygdi yver. Sume trur du maa ha rikskassa aa ausa av, og sume trur likso godt du er galen som set deg til i villmarki naar her *var* gardar paa handel."

„Daa er det ikkje godt aa vita kven hev det rettaste fyre," lo Asbjørn, han gjekk inn og tala med Sigvor. So rusla han og lensmannen nedyver.

Og lensmannen stogga gong paa gong og lét vel; dette saag ut til aa verta noko av! „Men veit du kva! — ja korleis er det: du *skal* paa moen til sumaren att? — var eg som deg so vilde eg taka meg ei tvo tri dagar med same eg var der nord og sjaa meg umkring og tala med jærbuen; det er ingen som er so kunnug paa myrdyrking som han. Du fær ferdapengar av landhusholdningssellskapet,

søkjer du! Det kunde snart vera eitkvart aa læra for ein som du!"

„Det var gjerne ikkje so toskut."

„Eg kom berre *paa* det," sa lensmannen. *Eg* vilde gjort det, var eg deg."

Men Asbjørn tenkte mest paa kva lensmannen vilde segja um „retten" hans Oliver. Dei kom der ned, og han greidde ut korleis der var daa dei kaupte, og kva fâren hadde sagt. Lensmannen høyrde honom til ende, so lo han godt.

„Berre lat du han driva det so langt han orkar. Han kjem ingen veg her! Du maa vera so trygg som du sat i di eigi stova. Denne mannen maa vera skyld til ein eg hadde gaaande i nordbygdi for nokre aar sidan: eg kom og skulde panta han for skatten, so ser eg han burt paa engi, — det var um sumaren. Skraar so eg beinvegen burt til han, men trur du ikkje han tok sakførar og vilde ha meg til aa bøta for eg hadde gjenge der som inkje var aalmann-veg!"

„Han tek vel sakførar, Egelandsdahl og," meinte Asbjørn.

„*Det* gjer han sagte, og det er gjerne tryggast du og tek sakførar. Ein kan so lett

forrenna seg, utan. Men du maa aldri bjoda til semja paa dette. Og som *eg* tok „Agenten“ so vilde ikkje han *ha* nokor semja heller. „Retten skulde avgjera det!“ sa han. „Eg kjem til aa spolera garden hans Asbjørn, men det vert ikkje mi sak!“ kytte han. Seg meg: hev han *bruk* for denne stemmen?“

„Hev han bruk for han! Gjermund hadde ein skogteig her i aasen; den skar han upp til stav ned i denne bekken. No er teigen min; han fylgde med daa me kaupte. Og beste skogen som Oliver no hadde att hev han selt til kompaniet.“

„Aa, so er det ikkje under han vil føra trætta; han hev fenge for mange pengar; han veit ikkje kvar han skal gjera av dei!“ skjemta lensmannen.

Dei snudde heim att. Lensmannen peika upp myri og sa at *der* vanta ei veita. Asbjørn saag just paa det same; det var denne veita han hadde lova seg sjølv so visst han skulde faa teki i haust. Og no var her vêr til det. Men no laut han draga seg som ein annan dreng heim med husi; koka jordeple og vaska dei og skala og knoda for bakstetausi; hogga ved og hutla seg burt! Han stod ikkje *i* det

lenger; han fekk høyra seg utum etter ei gjenta til desse dagarne. Det var mun i ei halvvaksi ei som kunde sjaa til barnet, so Sigvor fekk friare hender. No hadde han ved inne til ei lang stund. Naar frosten og snøen kom skulde han faa heim og maksla sund so mykje at han hadde til heile aaret. Paa denne visi kunde det ikkje gaa. Han fekk daa ingen ting gjort!

Det fekk vaaga seg um det kosta dei skillingarne meir. Var det betre aa spara skillingen og lata dalaren gaa? Og so sitja heile vinteren og sumaren komande med og kvida og trega for ein ikkje hadde mannskap og framferd til aa faa gjort dette med tidi var til det?

Vann ein aa faa pløgja ein dag eller tvo med same, so var det vel. Elles fekk heller det vaaga seg. Det greidde seg alltid, um ein no laut venta med det til vaaren.

Men den ferdi rundt paa Jæren til aa sjaa og læra, den vilde han verkeleg tenkja paa.

„Var det til amtet ein laut søkja um dei ferdapengarne, lensmann?“

„Ja, til jordbruks-laget.“

„Vilde du rettleida meg korleis eg skulde stila det, med same du er her? Eg trur eg fær tenkja paa det. Smaatt um tid hev eg alltid, og helst um sumaren, men 4—5 dagar kunde ein vel slita ut; og lærdomen kom no visst vel med.“

„Du ser: ein mann som veit aa bruka augo og tankarne, han lærer meir en han sjølv veit av naar han ferdast noko ute.“

Sigvor hadde glaset uppe og ropa dei maatte koma til bords.

„Du hev det godt!“ sa lensmannen. „Her bur du som ein konge i ditt eige rike; kan styra og stella deg som du sjølv vil —!“

„Ja, — til lensmannen kjem!“ lo Asbjørn.

„Det skal ikkje sæta!“ minte hin. „Naar det ikkje er verre ærend han gjeng i.“

„Kjem med trugsmaal ifraa ein mann som vil setja halve garden min under vatn mest som i syndflods-tidi! Er ikkje det vondt nok?“ smilte Asbjørn.

„*Ord* drep ingen mann!“ meinte lensmannen, han gjekk fyre upp bakken til huset.

XIV

Hauststormarne kom seint i aar, men dei kom. Med slút og regn og stor flaum. Med kasteflagor so ille og ville at det saag ut som dei tenkte aa leggja skogen fyre seg. Med elingar imot glasi so du venta kvar stundi dei stod det ikkje.

Maanemyrkt og grugge; det heller auka paa imot natti. Røyk og stundom lange eldtungor slo ut or omnen, men imillom var det eit sòg og drag og ein dún so du kunde tenkja veden tok den øvre vegen og sette seg paa tvert i pipa.

Ytterdøri sprang upp eit par gonger, det maatte vel vera eitkvart gale med laasfjøri. Vedhusdøri var òg laus komi og slo mot veggen med dún og brak. Asbjørn laut ut og setja ein staur fyre til trygd; men i gangdøri vreid han lykjelen rundt.

Dei sat og liksom venta paa at eitkvart skulde henda. Han tok ei bok og gav seg til aa lesa høgt, men naar dei fælaste bròsorne kom, — naar han la seg mot veggjerne so timbra gav seg, og det knatt i noverne, daa heldt han upp; daa sat dei baae og berre lydde.

„Gud hjelpe dei som er paa sjøen i natt!“ sa han. „Me fær nok spyrja ubod etter dette!“

„Eg sit og tenkjer paa det same,“ sa Sigvor. „Det er godt ikkje nokon av vaare folk er ute!“

Han tok ikkje boki att; ho kunde so ikkje halda paa tankarne korso. Han reiste seg og dreiv paa golvet. Tok barnet fraa kona og sat med det eit bil medan ho nytta tidi til aa reida sengi og setja fram kveldsmaten.

Det vasla og tasla rundt veggjerne, og i dei store bròse-taki kunde dei høyra tak-stein som banka og gav seg. Korleis vilde det sjaa ut paa taket tru, i morgon naar det vart ljost?

„Huiiy!“ sa stormen ute.

Dei aat tagalle. So sveipte ho barnet til natti. „Skal me ikkje leggja oss likso godt?“ spurde ho.

Han saag paa klokka. Ho var ikkje halv ni enno, men likso godt leggja seg, tenkte han med.

Ho smaug tett, tett in til han; tviheldt han med baae armarne og henderne. „Det er godt du er heime; det er godt eg hev deg hjaa meg! Du maa aldri reisa ifraa meg

og lata oss vera aaleine slike fæle kveldar, Asbjørn!" Han tyktest kjenna kor ho skalv berre ved tanken.

Daa la han hovudet hennar godt inn til barmen sin og strauk henne yver haaret. Kjende at ho roa seg etter kvart.

„Asbjørn!" kviskra ho; „den som kunde kurra seg so trygt og godt, og helst mykje tryggare veit du, inn i armarne til Gud fader alltid naar det var eitkvart som skakka; det maatte vore godt!"

„Ja," sa han.

„Trur du det er det han vil minna oss paa, naar han tek i so storvegjes som i kveld, at det er han som hev magti?"

„Det torer vera so."

„Asbjørn!" kom det ei stund seinare. „Kjem du i hug det som stend i „Jøden" av Wergeland: „I slikt eit vêr, daa fær du bøner, Gud!"

„Eg laag og tenkte paa det."

So var det ei stund ingen sa noko. Dei laag kvar i sine eigne tankar.

„Eg trur stormen hev gjeve seg noko," trudde Asbjørn um eit bil.

Dei letta seg paa aalbogarne og lydde etter

Daa vakna Inga litimor i vogga si. Sigvor steig fram og tok henne til seg; la henne til brjostet.

Og smaatt um senn kom svevnen og tok dei alle.

XV

Daa Asbjørn kom paa Moen den andre sumaren kjende han seg mest ikkje att. Kvar var anden og gloden fraa i fjor vorten av? Desse turrkloke styvingarne og desse kaldjaalutte gaparne, var det aalvorskararne fraa i fjor? Han treivst ikkje i staaket deira, men søkte saman med tvo-tri stillvorne trufaste og knytte venskapsbandet med desse so mykje fastare.

Dei var ikkje av mange ord nokon av dei, men dei vilde byggja landet, kvar so godt han kunde, med trufast og ærlegt arbeid for alt som var norskt og godt. Var det daa den rette surdeigen i dei so vona dei det endaa torde syna merke etter at dei hadde vore til, ikkje berre i det dei sjølve gjorde, men og gjenom det fyredømet dei gav i bygdi. Den tanken gjorde baade styrkte og vermde.

Ein av desse venerne, ein smed som no

var inne tridje aaret, hadde sett seg ned paa eigi hand sidan sist. Asbjørn spurde etter kor det gjekk. Jau, takk; han trudde det skulde gaa bra. Han hadde ikkje liten søknad alt no av folket i grendi, og so laga han hest-sko og horver og hadde paa handel. Hest-sko kunde han laga so mange han vilde av aat ein storhandlar i byen, so han var aldri gjerandslaus. Til vinteren var han elles meint paa aa smida ljaa, var so han fekk det til som han vilde.

Det fengde i Asbjørn: hest-sko maatte han med kunna smida, so hadde han det heimearbeidet um vintrarne han hadde leita so etter. Han spurde betre ut um kva staal og jarn som var tenlegaste og fekk alle dei raad og rettleidingar han bad um. „Og vil du koma heim i smidja mi so kan du faa sjaa paa arbeidet og," lova venen.

Um han vilde! Ja, og han skulde baade takka og løna'n for det! meinte Asbjørn. Og han fortalde korleis han var stelt, og at det galdt for han no aa finna paa eitkvart so han kunde nytta vintertidi betre ut. „Kunde eg tena eit par hundrad krunor til aaret med dette, so vilde eg segja eg var framfødd!" sa han.

Hin meinte det var vandelaust aa tena baade tvo og tri, helst um han hadde ein gut med seg til hjelp. Det var ikkje godt aa hjelpa seg heilt aaleine, visste me.

Folk saag so mykje paa det at det var gode kvasse hakar og grev paa vinterskor. Han bruka beste engelske filstaalet; men det gjekk lite til. La ein for mykje i vilde ikkje skoen kvessa seg sjølv etterkvart.

Smeden sat lenge og fortalde. Asbjørn skyna han hadde god greida paa arbeidet sitt og visste baade korleis det skulde gjerast og kvifor. Den som hadde lært meir med tidi var god! tenkte han. Men elles hadde han lært mykje, berre sidan han fór heimanfraa. Dei 8 dagarne han rusla rundt paa Jæren fyrr eksisen tok til hadde han fenge visst mykje som skulde koma til nytta. Og no fekk han taka eit par dagar i smidja hans Torshaug med i same rennet. Han fekk skriva til kona at ho ikkje venta han fyrr ho saag han. I sumar hadde ho barnegjenta, so ho var ikkje aaleine som i fjor.

Det ljosna, tykte han. No skulde det nok gaa! Men høh! sjaa det hadde han daa vel aldri i aalvora tvila paa heller!

XVI

Han laut laana pengar, det fanst ikkje raad. Bordklædnaden til huset, maalingi og arbeidsløni gjorde seg upp i ikkje so lite; so laut han faa seg ei ku til, og dei var so dyre snart, at det var ikkje til aa fortelja. Det hadde drege seg til med ein grand kjøpmanns-skuld og, no det siste. Og so var det sakføraren.

Han lika seg ikkje, naar han kom penge-sorgerne i hug. Det var som han aatte seg ikkje sjølv lenger. Visst for han til aa faa ein grand innkoma av garden. Dei mjølka ikkje so lite i sumar, og til hausten skulde dei venda ein gris; men berre eit par skor kosta 12—15 krunor, og so var det skattar og utlogor til baade eitt og hitt saag han. No kom rentor og avdrag paa laanet attaat. Og gjenteløn. Huff! Hadde han vore lauskar so kven veit: han hadde gjerne enno fare til Amerika og prøvt aa tena seg upp eit par tusund krunor. No var ikkje dette aa tenkja paa. Ikkje fekk han lov for Sigvor, og ikkje stod han sjølv i aa vera ifraa henne og vesle Inga nokor stund som var.

Inga, ja! Asbjørn ljosna so snart han

kom henne i hug. Du mirakkel for eit urolegt ting. Ho kraup rundt kvar ho vilde og reiste seg kvar ho vilde, reiv ned og slo sund baade det eine og det andre, so ho var ikkje aa sjaa augo av! No venta dei kvar dagen at ho skulde sleppa seg laus og gaa. Stundom tok han henne med ut og sette henne i ein kvitel i høyet. Men ho krabba seg *av* kvitelen fyrr du fekk snutt deg, og so kunde det vera spelegt ho stakk seg i augo paa dei stive straai. Tidt hadde han henne i fanget baade av og heim med han bar høybyrderne inn, so Sigvor fekk friare hender til aa raka.

Asbjørn kom so tidt i hug verset hans Ivar Aasen:

> Heimen er baade vond og god,
> det skifter med sut og gaman.
> *Hæv er den som med same mod*
> *kan taka mot alt tilsaman.*

Han vilde gjerne vera av dei som kunde taka alt med same mod, men han kjende godt at det var ikkje beinspelt.

Der stod han og fengde i hop høy og lesste seg byrd; var forkava og onnug, for regn-élet hekk yver hovudet, so la han for stor magt paa riveskaftet. Putt, der knakk

det! Hadde det ikkje vore for skam skuld, so kunde han graate! Det var som einkvan med vilje hadde lagt seg ut um aa gjera han vondt.

Eller ein annan gong: han gjekk og skaara i tjukk-engi og var so takksam og godt i lag for den velsigning av høy det vart. So stend det ein liten nabb av ei rot upp or jordi, og beste ljaaen hans er faren! — Han trega seg halve vika for den ljaaen!

Slikt prøvde han alltid aa bera med seg sjølv til det vart godt att; han skjemdest lata kona vita at han tok seg nær av ingen ting, og han strita imot so godt han kunde. Men det var ikkje alltid so beint, nei.

Daa han laut laana gjekk han ei lang stund og trudde at no gjekk det den galne vegen med han; no bar det ned-for-bakken. Og det var heile trøysti hans at dei var no ikkje paa berre botnen enno; det torde vel enno verta ei vending fyrr dei kom dit. — So kjem agronomen svivande ein sundag han er paa veg upp til øvrebygdi. Han er forviten og vil sjaa kor det gjeng; for han hev ikkje vore der etter husi vart bygde.

Dei gjeng rundt paa garden og han fær

sjaa husi og uthusi fraa loft til kjellar. Han læt vel og er so overlag fornøgd. „Eg skal *segja,* at du hev kome deg godt fram!“ læt han.

„Haa!“ svarar Asbjørn. „Eg veit mest ikkje. Berre det ikkje gjeng den andre vegen!“

„Hev du laant *mykje?*“ spør hin og ser paa Asbjørn.

„Aa, — ikkje so grovt mykje, daa!“ dreg Asbjørn. „Ei fire-fem hundrad krunor!“

„Du skræmde meg mest!“ lo agronomen. „Var det noko aa tala um? Kva meiner du garden din er verd no?“

„Det er meir en eg sjølv veit, du. Eg hev snart aldri tenkt yver det.“

„Vil du selja han for 6000 krunor med bu og bøling som han stend til?“

Asbjørn kvakk mest og sette store augo paa agronomen: „Seks tusund!“ sa han.

„Ja det meiner eg eg torer gje' for han kva dag du vil, og ein grand til naar vegen kjem. Naah! Eg fær ynskja dykk til lukka. No høyrer eg det skal verta aalvora av!“

„So —?“

„Jau, ordføraren fekk so godt som lovnad paa at de skulde faa amtstilskot til aars

so sant som de fekk det til aa gaa igjenom i heradsstyret."

„No fortel du meg nytt! Jaja, so fær me grava til sjølv det me orkar!"

„Det fær de. Veg lyt de faa dykk!

— Asbjørn smilte yver heile andlitet daa han fortalde Sigvor kva agronomen hadde sett garden hans i. „Seks tusund!"

„Vilde du selja for det, trur du?" spurde kona.

„Haa — eg veit ikkje. Nei, eg hev aldri tenkt paa aa selja. Men det var gildt aa høyra likevel, tykte eg. Som han sa, mannen, det var handlarar og baud paa hesten hans, ein han ikkje vilde vera av med for pengar: „Berre bjod de!" sa han, „di rikare er eg!" Eig eg so pass, so veit eg ikkje; eg trur eg skriv meg for eit halvt eller eit heilt hundrad krunor til, til vegen!"

„Du skulde no sjaa fyrst kva dei andre gjer," tykte Sigvor.

„Det kan eg nok," sa Asbjørn. „Men elles ser du: eit hundrad krunor fraa og til, det *er* daa berre fem krunor um aaret i renta, og kor mange femkruningar sparde eg ikkje inn, naar vegen kom? Tenk, alt det eg no

maa ha paa rygg av det som skal av og heim; — sekkjehevd til myri, og korn og poteter eg skal venda —? Nei, *det* vil eg ikkje det skal staa paa!"

Og han var so fegen og fjaag og modig at han treiv kona um livet og gav seg til aa dansa rundt med henne midt paa blanke sundags-ettermiddagen. Inga stod med fingen i munn burt i ei kraa og gjorde store forundra augo. So skar ho likso godt i aa graata.

„Kan du anna?" lo mori og lyfte henne upp i fanget. „Du trur visst me hev mist det grand vit me hadde!"

„Ty!" sa Inga.

„Ja, det var groveleg stygt!" sanna mori. „Men det var far si skuld. No skal han faa vera med ut og finna bær aat oss for det same! Skal han ikkje vel? Eg trur eg saag eit par svarte morelbær i hagen. Det er likso godt *me* tek dei som at skjori skal stela dei."

XVII

Asbjørn fekk spurt kva dag det skulde falla dom i aastads-saki. Han turvte ikkje møta ned, og han hadde ikkje for god tid til

det heller; men han var so forviten at han gjorde seg byærend likevel. So fekk han daa ein gong høyra endelykti paa det.

Han var ikkje større i tvil um utgangen og kunde ikkje segja han hadde havt korkje hugs eller bringeverk for *den*. Han var berre so lukte-leid av heile fillegreida. Alle folk visste um denne trætta; han kunde snart ikkje koma nokon stad utan dei spurde kor det gjekk. Og so laut han preika og fortelja. Upp-att og upp-att det sama. So lenge det var nytt styrde han elles sjølv røda den vegen naar det kunde bera til. Det var so underlegt: han tykte han *vilde* ikkje heller, alltid, men han kunde ikkje lata vera! Han laut plent faa greida ut um kva slag dumbl og hendesløysa og tidhefte og leidelse ein kunde koma upp i naar ein hadde med rangt og vondt folk aa gjera. Og folk flein aat „agenten" og gav Asbjørn medhald; det var som ei uppreising daa med same. Men sidan tykte han halvveges han kjende usmak i munnen av alt i hop, og det hadde svive han baade ein gong og mange um han ikkje likevel burde bode Oliver semja hin gongen i smidja. Bode han 50 krunor, so mykje det ikkje hadde

vore lygn. Han torde ha bite paa, um det ikkje var feitare agnet. Nei, so tykte han ikkje det hadde vore rett det heller. Saag fanten han at han fekk framgang med rangskapen sin vart han berre sliare næste gongen.

„Du maa vera snar heim att, so eg fær vita domen eg med," sa Sigvor.

„Eg skal vera so snar eg kan," lova Asbjørn.

„Kva *trur* du?" undrast ho.

„Aa —; paa lag soleis, tenkjer eg: „Du slagter som har yppet trætten, *tolv* mark erlægger her i retten!" lo Asbjørn.

„Ja, no fær me sjaa! Eg tykkjer det er eit spel-kast tidt med slike domar."

„Ein kan anka det inn for høgare rett, er so ein tykkjer domen er rang."

„Ja, ja; det fær me no talast ved um sidan. Men det gjeng nok godt!"

„Visst gjeng det godt! Han hadde daa ingen ting aa staa paa!" Asbjørn stod ferdug til aa gaa. „De fær liva so lenge, daa!" sa han.

„Takk," smilte Sigvor. „Ja du hugsar det du skulde kjøpa?"

„Aa jau; eg tenkjer daa det."

— Han fann sakføraren sin paa gata med same han kom til byen. Rauk paa han med ein gong: Naah? Hev domen falle?"

„Ja, og no kjem det seg an paa um De vil anka han inn for yverretten."

Asbjørn kolna der han stod. „Kor daa? Kunde dei faa det so til at Oliver *hadde* stemmerett i Øygarden?"

„Nei; so gale gjekk det daa ikkje," lo sakføraren. „*Hadde* det nokor tid høyrt nokon stemmerett til Egelandsdahl sitt bruk, so var alle samde um at han var spillt no. Men skrivaren fekk gjort ei rumpekrull paa domen soleis at „i betragtning af omstændighederne bliver sagens omkostninger at ophæve".

„Og kva skal so det segja?" spurde Asbjørn uviss.

„Det tyder so mykje som at kvar av dykk fær svara sine kostnader. Det vert altso De som maa betala meg for mitt bry."

„Men naar han ingen rett hadde —? Er ikkje dette aa løyva præmi for uliklegskap og vondt grannelag?"

„Hjah!" Sakføraren gjorde eit hyfs med okslerne og smilte. „De kan ha rett i det!

— men som sagt: soleis fall domen. Men De kan anka han inn."

Asbjørn grunda ei rid og grov seg i nakken. Han var sinna. „Kor mykje vert det?" spurde han braatt og saag upp med det eine auga.

Sakføraren smilte. „Me fær vera rimelege sidan det gjekk som det gjorde. Skal me segja seksti krunor?"

Asbjørn vog paa det som snaraste. Han hadde venta det verre, naar fyrst gale skulde vera. Dette var paa lag det same han stundom tykte han kunde ha bode Oliver i semja. Men *daa* maatte heller sakføraren faa dei. Han unnte daa honom betre, likevel!

„Hadde det falle paa Egelandsdahl aa greida heile kostnaden, so som *eg* meinte domen burde falle, so skulde han minst fenge punga ut med det dubbelte!" heldt sakføraren fram.

Asbjørn treiv handi hans. „Eg slær til," sa han.

„Men vil De eg skal anka det inn —?" sa sakføraren.

„Det fær eg no sova paa fyrst!" meinte Asbjørn. „Det hev vel ikkje slik braahast?"

„Fjortan dagar kan De umraada Dykk i.“

„Men De kan ikkje faa pengarne i dag.“

„Det hastar ikkje. Fær eg dei til jol skal eg ikkje segja noko.“

„Aa, De skal no faa dei fyrr! Jaja, so maa De ha takk so lenge!“

„Sjølv takk!“

— Soh! Kunde no vitugt folk faa dette òg til aa vera lov og rett! gjekk Asbjørn og murra med seg sjølv upp gata. Men han vilde ikkje bruka ankeretten, trudde han. Det var godt det fekk ein ende, og naar det ikkje gjekk verre fekk ein tola det. Men rart var det *korleis* dei kunde døma, det sa han endaa, og det vilde han staa med!

Jaja! trøysta han seg. Fekk han sjølv ein svirp, so fekk Oliver meir! Den som visste kor mykje *han* fekk aa punga ut med! Hundrad krunor gjorde det no *ikkje,* det var han trygg paa. So det vart honom ingen billeg lærepening, men maatte ein berre sjaa mun etter det, so — Asbjørn flein — so var det nett høvelegt og til pass! Ein slapp daa aa segja denne gongen at hin mannen fridde sine! *Noko* rett var det daa enno paa jordi, um han ikkje var so rar, alltid.

Han gjorde ærendi sine i byen og tok paa heimvegen so fort han kunde. Lika i grunnen godt at han ikkje hadde fylgje i dag.

— Seksti krunor. Det vilde ikkje lite seljast berre til det. Det var eit halvt kuverd aa rekna for. Og endaa hadde vel mannen vore rimeleg; han skulde ikkje anna segja. Det var visst ikkje betre aa venta, naar fyrst gale skulde vera. For gale var det! Hadde Oliver ingen rett til stemma, so hadde han ingen rett til aa trætta heller! Og so høyrde det han til aa svara heile leiken! Soleis vilde Asbjørn dømt, hadde han vore skrivar. Daa vart det meining i domen!

Men no hadde vel ikkje denne betre vit.

Aa, pøh! Han var no ikkje so faarlegt fatigare um han laut leggja desse skillingarne! Ein fekk telja det so at ein hadde gjeve desse 60 krunorne meir for Gjermundsteigen. Og det var han verd, naar me skulde tala um *det*. Best aa keika seg upp og laast som ingen ting!

Ein smil kom og lyste upp i det viljefaste andlitet. *Det* kunde han segja naar folk undrast: at skrivaren tykte vel synd i dei andre juristarne. Skulde ein vera so hard-

hendt som ein burde med slike som Egelandsdahls, og skræma dei reint burt ifraa sin vonde veg: kva skulde det daa bli av dei som livde av trættor? Ein fekk vera rimeleg til alle kantar!

Men godt at no hadde han daa garden sin i fred atter! Det hadde vore mest som ei opi dør so lenge saki stod paa. Han meinte han aatte det som tonn i hausen alt, fyrr Oliver tok til med dette; sidan hadde han ikkje kjent det so! Hadde trætta vara lenger so kven veit: han torde kome til aa ynskja seg sju mil vekk ifraa alt i hop paa resten. Naar han grov ned-paa myri no i det siste, han hadde ikkje havt helvti hugnad av det, imot fyrr. Noko av arbeidsgleda var burtkomi korleis det var. Men no vilde det verta paa gamlelaget igjen; han kjende det paa seg. Logn og trygg og fredsæl laag heimen som fyrst han gjorde; eit kongerike for seg sjølv; ja kven visste um han ikkje berre vart kjærare endaa etter dette?

Nei han skulde visst ikkje ta seg tæring av dei krunorne; dei fekk vera farande og komande. At det vart ende paa trætta, det vart betre en alt!

XVIII

Kling, klingeling; kling, kling, *kling!* Lingelingeling.

Det hamra og song lystugt fraa smidja hans Asbjørn i kjellaren paa Øygarden. Bestefar Anders var med og hjelpte til; so tente han til tobak han med, um ikkje anna, sa han. Burt i kraai laag det alt ein heil haug med ferduge hestsko.

Asbjørn lika seg. No gjekk det godt! No slapp han brjota hovudet med kva han skulde ta seg til um vinteren, naar frosten og snøen kom i vegen for nybrotsarbeidet. No visste han raad med aa slaa seg ein kontant skilling til aa rettleida seg med, so at kom det ikkje noko verre i vegen trudde han mest han skulde sleppa gjera fleire laan no.

Elles vilde han kosta seg meir ambod fyrst han for til byen med lass. Hadde han greidor so han kunde snida skruvar so skulde han faa venda ikkje faa horver, trudde han; ei billeg boremaskina trong han og um. Han hadde vore rædd dei store utlogorne i fjor daa han tok ut det andre, men no han saag det gjekk fælte han ikkje so faarlegt for dei.

I vinter kom dei til aa venda for mange pengar i smør, so no saag det ut til aa laga seg baade med det eine og det andre, skulde me sjaa. Og no heldt dei paa med vegen – endeleg! Fyrr han visste av det tok han til aa blistra paa ein lystug lund.

„Eg for mest til aa trega, – den sumaren me bygde her, – at eg ikkje likso godt slo til aa handla med Gjermund," fortalde han far sin. „Eg tykte det var ikkje ende aa sjaa paa arbeidet og alt som *til* vilde. Og so kom eg i hug dei skogteigarne hans; – so lenge *dei* varde hadde eg havt noko aa driva med um vinteren. Men no er eg fegen eg gjorde som eg hadde tenkt fraa det fyrste. Kan du hugsa daa eg talde deg til aa kjøpa Øygardsteigen hans Gjermund?"

„Eg drøymde minst den gongen at her skulde verta slik gard!"

„Nei, gjorde du vel?" lo Asbjørn.

„Han skulde sjaa upp att, han far! Eg tenkjer han skulde lika seg!"

Asbjørn kom i hug verset:

> — at naar federne sjaa att paa jordi
> dei kan kjenna sitt folk og sitt land.

Han kneip i hop høgre auga og mylte med seg sjølv. Gamle Torleiv vilde no ikkje kjenna seg att plent med same! Han laut nok studdra rundt eit par gonger fyrst fyrr han var trygg. Du veit naar han kom ned til den gamle stemma, daa skyna han kor det hadde seg at vatnet hadde vorte so lite og bøen so vid. Daa vilde han sukka med seg sjølv nokre gonger og kippa med augo som hans vis var, og so vilde han smaahumra: „J—hau! dette gjeng rette vegen!“

„Eg hugsar bestefar so vel *ein* gong,“ sa han til far sin; „han laag i benken burt under glaset. So fortalde dei um ein det hadde vore so smaatt for. Eg veit ikkje kven det var. Det hadde vore drøs um at han visst laut ifraa garden, tykkjer eg eg hev eit sviv um. So hadde han gjort det godt eit par aar, anten det var med ved og stav eller kva det var, og no gissa dei paa han hadde vunne yver verste kneiken. „Gud velsigne alle som strævar og vil fram!“ sa bestefar. „Paa ærleg maate!“ sa han og nikka til seg sjølv.“

„Eg tenkjer det hev vore Salve Eikeli me hev tala um,“ trudde Anders. „Kona hans var syster til Ola „der inne“. Me rodde fiskje

i hop eit aar, og sidan hev eg kjent han. Stakar, han hev havt mykje aa gaa igjenom sidan og, — 2 av sønerne for til Amerika og den tridje var sjømann og døydde av feberen. Men sist eg fann Salve var han so fornøgd og fjaag at det skein av han. Enkja etter eldste sonen hadde kome fraa Amerika med *sine* barn, og no var det folksamt i garden som i gamle dagar. „Vaarherre hev vore god," sa Salve.

Asbjørn saag paa klokka. Det var snart middag, so dei laut driva paa skulde dei vinna med „talet". Kling, klingeling; kling, kling, *kling,* lingelingeling.

Ei stund etter stod Sigvor og vesle Inga i døri. Dei tvo smedarne saag burt med fjaage smil.

„Her kjem ei som hev ærend ned!" sa Sigvor. „Kva var det du skulde segja?" spurde ho.

„Inke enno!" sa Inga. „Fy'tt 'jaa noko!"

Dei andre lo. Asbjørn kveste grevet paa ein sko og herda han so mykje tausi fekk „sjaa" ein grand. Inga kvapp og sa „uhh!" daa vatne tok til aa sjoda. „Kva var det so Ingamor skulde segja?" spurde han.

„Venta noko til!“ meinte vesla.

„Ja men daa er eg rædd ho mor segjer det!“

„Koma eta middag'-mat!“ sa Inga.

„Nei, kva segjer du!“ undrast bestefar. „Hev du alt kokt?“

„Mor hev. Inga hjelpte,“ nikka vesla.

Kararne løyste av seg fangskinni og gjorde seg ferduge til aa gaa. Sigvor la paa laupet. Ho høyrde ein liten som hadde vakna og skreik.

„Kva var det ho mor sprang so for?“ spurde bestefaren.

„Arnfinn 'k'eik. Inga kunde høyra det.“

„Men skulde ikkje du daa vera inne og vogga han?“

„'ku' ned og ropa dykk.“

„Du set ikkje henne fast so snart,“ lo Asbjørn.

„Nei, eg ser nok av det um dagarne,“ sa Anders.

Dei kom ut og let att døri. Asbjørn tok gjenta si i fanget og vart standande aldri so lite, med augo saag rundt. Der nede laag det nye plog-landet og fekk godt av berr-frosten. I bakken midt imot hadde han ein

annan ny aaker. Han lika seg. Han var nøgd og sæl. Dette var anna liv enn aa hanga i klokkestrengen i ein by. Her var han sin eigen herre. Her synte det att etter strævet hans.

— Upp brotet kom eit par vegarbeidarar stigande; dei budde her med dei heldt paa med forsagten sin. Dei slengde kvar sin bundt med minebor nedmed husveggen; den eine turka sveitten av skallen med ermi og sputta ut skraai.

„Kor gjeng det?“ spurde Asbjørn.

„Det gjeng som du driv det til, kar!“

NBR Depotbiblioteket
92SD33594



FRIEKSEMPLAR